






Sula kommune



**Budsjett 2026,
handlings- og økonomiplan 2026-2029**



Forventet utvikling



Innhold

1. Kommunedirektøren si innleiing	4
2. Fire parallelle grep – omstilling til balanse i økonomien.....	5
3. Rammevilkår i budsjettarbeidet.....	8
3.1 Budsjett, og handlings- og økonomiplanen si rolle i plansystemet til kommunen	8
3.2 Utviklingstrekk	9
3.3 Statsbudsjettet 2026 - det økonomiske opplegget	9
3.4 Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune.....	10
3.5 KOSTRA	13
3.6 Finansielle måltal.....	14
4. Budsjett og økonomiplan drift.....	16
4.1 Prinsipp for prioritering av budsjettmidlar til drift	16
4.2 Usikre moment i driftsbudsjettet.....	17
4.4 Økonomisk oversikt drift.....	18
5. Budsjett og økonomiplan investering	19
5.1 Prinsipp for styring av/prioritering mellom investeringar	19
5.2 Usikre moment i investeringsprosjekt.....	20
5.3 Bevilgningsoversikt investering	20
5.4 Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar	21
6. Oppfølging av samfunnsplanen – handlingsplan 2026	23
6.1 Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår (samfunnsmål 1)	25
6.2 Sula har inkluderande lokalsamfunn for innbyggjarar i alle livsfasar.....	27
6.3 Sula har ein trygg kommune for folk og natur (samfunnsmål 3)	29
6.4 I Sula samarbeider kommunen, frivilligheita, næringslivet og innbyggjarar (samfunnsmål 4)	30
6.5 Sula kommune er ein nytenkande og attraktiv arbeidsgjevar (samfunnsmål 5)	32
7. Kommunen sine tenesteområde	33
7.1 Kultur og oppvekst.....	33
7.2 Helse og meistring	37
7.3 Samfunn.....	40
7.4 Organisasjon og utvikling.....	43
7.5 Politisk styring.....	44
8. Planstrategi	45

1. Kommunedirektøren si innleiing

Vilje til å lykkast saman



Når forventningane er større enn inntektene

I Sula, og i kommunar over heile landet, veks forventningane til kva kommunane skal levere raskare enn det ressursane strekk til. Vi er midt i budsjettprosessen, og tala viser tydeleg at vi må halde fram med omstillinga dersom vi ikkje skal tømme sparekontoen vår. Vi må vere opne og ærlege om at vi ikkje kan love alt til alle, men at vi jobbar for å gi best mogleg tenester med det vi har.

Sjølv om utfordringane er store, er vi trygge på at omstilling og samarbeid kan gi resultat. Vår visjon, «Vilje til å lykkast saman», er ei viktig rettesnor i dette arbeidet. Den minner oss om at utfordringane ikkje kan løysast aleine. Vi må samarbeide på tvers av tenester, med innbyggjarar, frivilligheit og næringsliv. Når vi står saman kan ein pluss ein bli meir enn to, og vi kan skape gode og berekraftige løysingar, sjølv i ei krevjande tid.

Kvifor er den økonomiske situasjonen så alvorleg- i kommune-Norge og i Sula kommune

Kommunane sitt sentralforbund KS, melder at svært mange kommunar rapporterer om lite økonomisk handlingsrom, og at gjennomsnittleg resultat for kommunal sektor i 2024 er det svakaste på 40 år. Det er fleire forhold som verkar saman, og dei kan oppsummerast slik:

- Sterk kostnadsvekst på løn, pensjonar, straum, mat og andre innsatsfaktorar.
- Underkompensasjon frå staten for pris- og lønsvekst over tid.
- Svekka skatteinntekter som følgje av svakare økonomisk aktivitet og endringar i skattegrunnlaget.
- Demografisk press med fleire eldre, fleire brukarar av sosialhjelp og auka behov innan barnehage, skule og barnevern.
- Auka finansutgifter, særleg renteutgifter knytte til lån og investeringar.

Sula kommune er altså ikkje åleine om å vere i ein alvorleg økonomisk situasjon, og dei fleste kommunar arbeider no i krevjande budsjettprosessar, på lik linje med Sula kommune.

Slik kan vi få balanse i økonomien

I denne budsjett- og økonomiplanen vert det lagt fram eit forslag om fire hovudgrep som bør gjennomførast parallelt for å få balanse i økonomien:

1. **Innsparingstiltak i drifta**
2. **Omstillingsprosjekt som skal bidra til å levere tenestene på nye måtar**
3. **Investere smart**
4. **Auke inntektene**

Alle fire grepa må gjennomførast parallelt dersom vi skal unngå å tømme disposisjonsfondet i løpet av dei to neste åra og skape ein berekraftig kommuneøkonomi for framtida. Ved utgangen

av 2024 var disposisjonsfondet på 82 millionar kroner. Sjølv om vi gjennomfører alle hovudgrepa, kan fondet med dagens prognose, vere redusert til om lag 24 millionar ved utgangen av 2026. Det betyr at tida for å vente er forbi – no må vi ta i bruk heile verktøykassa.

2. Fire parallelle grep – omstilling til balanse i økonomien

I dette kapittelet kan du lese om:

Kommunedirektøren sitt forslag til korleis fire parallelle grep skal bidra til å skal snu den økonomiske utviklinga og få balanse i drifta:

- **Innsparingstiltak** som skal redusere driftskostnadane og sikre økonomisk berekraft.
- **Omstillingsprosjekt** som endrar korleis vi leverer tenester meir effektivt
- **Smarte investeringar** som gir lågare driftskostnader og støttar berekraftig utvikling.
- **Auka inntekter**, der eigedomsskatt og andre tiltak skal bidra til å unngå statleg styring (ROBEK) og sikre lokal handlingsfridom.

I budsjett 2026 vert det foreslått fire hovudgrep for å få ei berekraftig utvikling av økonomien:

Hovudgrep 1: Innsparingstiltak i drifta

I 2024 la kommunedirektøren fram ein plan for å redusere kostnader i 2025. Tiltaka vart vedtekne av kommunestyret og vart gjennomført. Prognosen for 2025 syner at tiltaka har planlagt effekt. Det er likevel behov for ytterlegare innsparingstiltak i tenestene dersom vi skal få økonomien i balanse.

I budsjett for 2026 foreslår kommunedirektøren å gjennomføre innsparingstiltak for 21,2 mill. og vidare 7 mill. i 2027. Dette inneber innsparingstiltak i drifta på 50 mill. i økonomiplanperioden for å få balanse i økonomien. (2025: 20 mill., 2026: 21 mill., 2027; 7 mill.). Slik rammevilkåra for kommunal sektor er per no vil ikkje kommunedirektøren tilrå å redusere drifta ytterlegare i økonomiplanperioden. Risikoen for uforsvarleg drift er for stor til dette.

Fordeling av innsparingskrav mellom kommunalområda i 2026:

Kommunalområde	Budsjettramme før innsparing	Innsparing	Innsparing i prosent
Organisasjon og utvikling	63 616 504	-3 649 400	-5,7 %
Kultur og oppvekst	359 406 342	-7 940 000	-2,2 %
Helse og mestring	314 178 000	-7 364 191	-2,3 %
Samfunn	38 053 713	-2 100 000	-5,5 %
Politisk styring	6 490 817	-115 632	-1,8 %
SUM	781 745 376	-21 169 223	-2,7 %

Nokre område har blitt skjerma meir enn andre. Fleire faktorar er med i denne vurderinga, blant anna desse:

- Lovpålagde oppgåver og minimumskrav
- Behovsvurderingar/ etterspurnad etter tenester og kapasitet
- Demografiske utviklingstrekk
- Analysar av effektivitet, produktivitet og ressursutnytting, samt prognose for 2025
- Politiske mål, samfunnsutvikling og strategiske satsingar
- Risikoanalyse

Innsparingstiltak for 2026 for kvart kommunalområde finn du i kapittel 7 *Kommunen sine tenesteområde*.

Hovudgrep 2: Omstillingsprosjekt som bidrar til at vi leverer tenester på nye måtar

I Sula har vi alt starta eit omfattande arbeid med å omstille tenestene våre. Det handlar om å drive meir effektivt, bruke ressursane klokare og utvikle nye løysingar. Vi ser på korleis vi kan samarbeide betre på tvers, korleis teknologi kan lette kvardagen, og korleis vi kan jobbe meir førebyggjande for å redusere behovet for tunge tenester seinare.

Desse fem prosjekta vart vedtatt i budsjettprosessen i fjor og vert foreslått vidareført. Prosjekta tek utgangspunkt i mål frå samfunnsplan og omsett desse til konkrete tiltak i tenestene. Fleire av prosjekta viser til gode resultat både på kvalitet og økonomi.

Prosjekt	Mål	Gevinst
Barn som meistarar	Barn og unge i Sula har gode oppvekstvilkår.	Fleire barn og unge har godt utbytte av det ordinære barnehage- og skuletilbodet og opplever fellesskap og tilhøyre både i barnehage og skule.
Inkludering	Fleire av våre innbyggjarar er i arbeid og opplever å meistre eigen kvardag og eigen økonomi	Fleire i arbeid og reduserte kostnader til sosialhjelp og uføretrygd
Ei dør inn til kommunale tenester	Innbyggjarane får dei tenestene dei treng, når dei treng det, innanfor det vi har av samla ressursar i kommunen	Rettferdig tenesteutmåling og effektiv ressursutnytting. Kortare venteliste. Tydeleggjere kva for tenester kommunen kan tilby på ulike trinn på innsatstrappa. Utsette behovet for kommunale tenester.
Enklare kvardag med smart teknologi	Vi bidrar til tryggleik, meistring og sjølvstende til innbyggjarane ved å gje råd om, og ved å ta i bruk teknologi	Auka tryggleik og fridom for tenestemottakarane. Fleire kan bu heime lenger. Effektiv tenesteyting
Rekruttering og smart bemanning	Smart bruk av eigne ressursar med mål om reduksjon av kostnader på overtid og vikarbyrå	Auke tal heiltidstilsette og gjennomsnittleg stillingsbrøk. Redusert bruk av innleige og overtid. Auke attraktivitet og evne til å rekruttere. Redusert sjukefråver.

Hovudgrep 3: Investere smart

Kommunen står overfor aukande krav til effektiv drift av bygg og tenester. Investeringane må difor vere målretta og gi effekt i form av lågare driftskostnader, betre kvalitet og berekraftig utvikling.

Kommunen er avhengig av å kunne halde fram med nødvendige investeringar for å sikre framtidig tenestekapasitet, oppfylle lovpålagte krav og oppnå effektiviseringsgevinstar. Å ikkje investere vil på sikt kunne svekkje både tenestetilbodet og den økonomiske berekrafta.

Investeringsævna kan styrkjast gjennom samarbeid med Husbanken, statlege verkemiddel og private aktørar. Kommunen sin [eigedomsstrategi](#) legg til rette for både samarbeid og sal av eigedomar, noko som kan frigjere kapital til nye investeringar.

Trass i stram økonomi har kommunen framleis evne til å gjennomføre nødvendige investeringar. Nokre prosjekt er mellomfinansiering, medan andre har ekstern medfinansiering. For enkelte tiltak vil leigeinntekter dekkje renter og avdrag, og fleire investeringar vil frigjere drift eller gje meir effektive løysingar gjennom samlokalisering. Dette styrkjer den langsiktige økonomiske berekrafta.

Når det gjeld helse- og omsorgstenestene, må kommunen auke kapasiteten for å møte ein kraftig vekst i talet på eldre. Å ikkje handle er ikkje eit alternativ. I vurderinga av nytt tenestehus eller helsehus må ein leggje vekt på at vidare utviding av eksisterande bygg ikkje vil gje same gevinstar som samlokalisering og effektiv drift.

I den [langsiktige drifts- og investeringsstrategien](#) vert det lagt opp til at investeringane skal gjennomførast innanfor ei berekraftig økonomisk ramme. I budsjett- og økonomiplanen ligg det føre fleire forprosjekt og investeringsprosjekt som skal bidra både til nødvendig omstilling og til å møte framtidig kapasitetsbehov. Oversikt over desse går fram av kapittel 5.

Hovudgrep 4: Auke inntektene

For å sikre lovpålagde tenester og samtidig verne om førebyggjande arbeid, er det nødvendig å styrkje kommunen sine inntekter.

Sula kommune har i dag 1 promille eigedomsskatt på bustad og næring, som gir om lag 12 millionar kroner i årlege inntekter. Til samanlikning var landsgjennomsnittet i 2024 på 3,2 promille. Mange kommunar er no avhengige av eigedomsskatt for å kunne finansiere grunnleggjande tenester.

Sula har ingen ekstra inntektskjelder, som kraftinntekter, havbruksfond eller fritak for arbeidsgjevaravgift. Dette gjer kommunen til ei av dei mest inntektssvake i landet. Driftsfonda er i ferd med å bli tømde, og utan tiltak vil handlingsrommet bli ytterlegare redusert. Ei auke i eigedomsskatten til 2 promille vil kunne gi rundt 12 millionar kroner ekstra i 2026. Dette løyser ikkje heile utfordringa, men vil bidra til å unngå større kutt i tenestene.

Kommunedirektøren har forståing for at ei slik auke er upopulær, men vurderer tiltaket som nødvendig for å betre den økonomiske situasjonen og sikre lokal styring. Alternativet kan vere statleg kontroll gjennom ROBEK-registeret.

Samla kommunale avgifter er ei reell bekymring for mange innbyggjarar. Investeringar i vatn- og avløpsanlegg vil føre til gebyrauke, og dette er ei utvikling som også andre kommunar vil møte når dei må oppfylle same krav. Nye nasjonale reglar vil dempe noko av auken.

I budsjett- og økonomiplanen foreslår kommunedirektøren å auke eigedomsskatten til 2 promille i 2026 og vidare til 3 promille i 2027. Dersom staten aukar dei frie inntektene i same periode, kan

dette nivået vere tilstrekkeleg for Sula kommune. Ein føresetnad er at tenestene blir drivne effektivt gjennom vidare omstilling og målretta investeringar.

3. Rammevilkår i budsjettarbeidet

I dette kapittelet kan du lese om:

Rammevilkår vi må forholde oss til i budsjett, handlings- og økonomiplanen 2026–2029:

1. **Budsjett, handlings- og økonomiplanens rolle i plansystemet** – korleis økonomiplanen og årsbudsjettet følgjer opp langsiktige mål, strategiar og kommunale planar, og krav til balanse, oversikt og realistiske føringar.
2. **Utviklingstrekk og rammevilkår** – demografi, klima og miljø, folkehelse, arbeidskraft og kompetanse, og korleis desse faktorane påverkar kommunen sitt handlingsrom.
3. **Statsbudsjettet 2026 og frie inntekter** – utvikling i rammetilskot, realvekst og justeringar i inntektssystemet, samt Sula kommune sine føresetnader.
4. **Økonomiske utfordringar og nøkkeltal** – låge frie inntekter, lågt utgiftsnivå, høg lånegjeld, bruk av disposisjonsfond og konsekvensar for handlingsrom og budsjettering.
5. **KOSTRA og finansielle måltal** – samanlikning med andre kommunar, utvikling i netto driftsresultat, disposisjonsfond og netto lånegjeld, og korleis kommunen sikrar langsiktig økonomisk berekraft

3.1 Budsjett, og handlings- og økonomiplanen si rolle i plansystemet til kommunen

I medhald av kommunelova skal økonomiplanen for dei neste fire åra og årsbudsjettet for det komande året vedtakast før årsskiftet.

Handlings- og økonomiplanen skal vise korleis langsiktige utfordringar, mål og strategiar i kommunale og regionale planer skal følgjast opp. Innstillinga til handlings- og økonomiplan og årsbudsjett samt andre forslag til vedtak som ligg føre, skal offentleggjerast minst 14 dagar før kommunestyret si handsaming.


Økonomiplanen og årsbudsjettet skal vise kommunestyrets prioriteringar og bevillingar, og dei måla og premissane som økonomiplanen og årsbudsjettet byggjer på. Dei skal også vise utviklinga i kommunen sin økonomi og utviklinga i gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar. Vedtaket om årsbudsjett skal angi kor mykje lån som skal takast opp i budsjettåret.

Økonomiplanen og årsbudsjettet skal settast opp i balanse og vere realistiske, fullstendige og oversiktlege. Økonomiplanen delast inn i ein driftsdel og ein investeringsdel. Årsbudsjettet delast inn i eit driftsbudsjett og eit investeringsbudsjett og stillast opp på same måte som økonomiplanen.

3.2 Utviklingstrekk

Forslag til budsjett og handlings- og økonomiplan 2026-2029 skal støtte opp under kommunen sine langsiktige mål (i samfunnsplanen), nasjonale føringar og eit endra lokalt og globalt bakteppe.

I [kunnskapsgrunnlaget](#) som vart utarbeida i samband med ny samfunnsdel kan du lese meir om utfordringane som ligg til grunn for satsingsområda i [samfunnsplanen](#). I budsjett, handlings- og økonomiplanen skal satsingsområda omsettast til handling.



Desse hovudutfordringane vart peika på som sentrale i arbeidet med samfunnsplan:

- Fleire eldre og færre yrkesaktive
- Mangel på folk og kompetanse
- Klima- og miljøutfordringar
- Tryggleikssituasjonen er i stadig endring
- Mange personar i yrkesaktiv alder står utanfor
- arbeidsliv/utdanning
- Teknologiutviklinga går ei eit høgt tempo

3.3 Statsbudsjettet 2026 - det økonomiske opplegget

Frie inntekter

Frie inntekter består av rammetilskot frå staten og kommunen sin andel av inntekts- og formuesskatt frå innbyggjarane. Desse midlane kan kommunen disponere fritt innanfor gjeldande lover og reglar.

Formålet med inntektssystemet er å sikre eit likeverdig tenestetilbod i alle kommunar. Sula kommune har eit lågare inntektsnivå enn landsgjennomsnittet (sjå kapittel 3.4), noko som gir økonomiske utfordringar.

I statsbudsjett 2026 foreslår regjeringa ein realvekst til kommunesektoren på 4,2 milliard. Dette er i nedre grense av intervall varsla i kommuneproposisjonen 2026. Beløpet blir foreslått fordelt med 3,2 milliard til kommunane og 1 milliard til fylkeskommunane.

Tabellen under viser forventna utvikling i frie inntekter frå 2025 til 2026:

Anslag i statsbudsjett 2026 for frie inntekter i 2025	Korreksjon for oppgaveendringar i 2026	Anslag korrigerte inntekter 2025	Forventa auke med kommunal deflator på 3,5%	Prisjustert korrigerte inntekter 2025	Anslag i statsbudsjett for frie inntekter i 2026	Realvekst i korrigerte frie inntekter frå 2025 til 2026
763 594 000	3 214 000	766 808 000	26 838 280	793 646 280	802 210 000	8 563 720

Frie inntekter er venta å auke med 35,4 mill. kroner frå 2025 til 2026. Av dette kjem 26,8 mill. frå lønns- og prisvekst, medan 8,6 mill. utgjør reell vekst. Dette utgjør ein auke på 4,6 % for Sula kommune (35,4 mill. av 766,8 mill.), mot 4,4 % for kommunane i Møre og Romsdal samla, jf. statsbudsjettet.

Kommunal deflator

Kommunal deflator er definert som lønns- og prisvekst i kommunal sektor. For 2026 er kommunal deflator anslått til 3,5%, herav 4,0% lønnsvekst og 2,8% prisvekst på kjøp av varer og tenester.

Anslag på kommunal deflator påverker anslag på frie inntekter i 2026. Det påverker også dei avsetningane vi har lagt inn i budsjettet knytt til kostnadsauke for lønn og andre driftsutgifter.

3.4 Forhold som pregar den økonomiske situasjonen i Sula kommune

- Lave frie inntekter: 69 mill lavere enn landsgjennomsnitt.
- Lavt utgiftsnivå: 56 mill lavere driftsutgifter enn landsgjennomsnitt.
- Høg lånegjeld: 20 mill høgare netto finansutgifter enn landsgjennomsnitt.
- Bruk av disposisjonsfond: 50 mill i 2024. Prognose 36 mill i 2025.

1. Lave frie inntekter

Sula kommune har lave frie inntekter. I 2024 var inntektsnivået til Sula kommune (rammetilskot, skatteinntekter, kraftinntekter, havbruksinntekter og fordel ved differensiert arbeidsgivaravgift) på 90,7% av landsgjennomsnittet (Kjelde: Kommuneproposisjonen 2026). Sula skal levere dei same kommunale tenestene som andre kommunar. Det må vi gjere for 90,7% av gjennomsnittleg inntekt. Dette er utfordrande for økonomien. I 2024 var Sula kommune den kommunen i Møre og Romsdal med lavast inntektsnivå. På landsbasis er Sula kommune rangert som nr 15 av kommunar med lavast inntektsnivå. Dersom dei frie inntektene til Sula kommune hadde vore som landsgjennomsnittet i 2024 hadde inntektene vore 69 mill høgare.

2. Lavt utgiftsnivå

Sula kommune har lavt utgiftsnivå. Utgiftsnivået er likevel høgare enn inntektsnivået. Dersom utgiftsnivået i Sula kommune hadde vore lik landsgjennomsnittet hadde utgiftsnivået vore 55,6 mill høgare i 2024. Dersom utgiftsnivået hadde vore likt som kostragruppe 1 (kommunegruppe


om Sula kommune tilhøyrar) hadde utgiftsnivået vore 41,4 mill høgare (kjelde: Framsikt Analyse. Basert på KOSTRA-tal frå SSB publisert 16.06.25).

3. Høg lånegjeld

Sula kommune har høg lånegjeld. Lånegjelda vil fortsette å auke. Auka vil i hovudsak kome som følge av investering i nytt avløpsrenseanlegg. Høg lånegjeld gir høge finansutgifter (rente og avdrag). Dersom Sula kommune sine netto finansutgifter (finansutgifter - finansinntekter) hadde vore som landsgjennomsnittet så hadde utgiftene i 2024 vore 20 mill lavere.

VAR (Vatn, Avløp, Renovasjon) sin andel av samla lån til investering aukar frå 24% i 2024 til 45% i 2029. Renter og avdrag på desse investeringane skal finansierast gjennom auke i kommunale gebyr. Eit «normalgebyr» for kommunale avgifter er forventa å auke frå ca 22.200kr i 2024 til ca 27.900kr i 2029. Det har blitt innført nasjonale regelendringar for å dempe veksten i kommunale gebyrer. Den eine endringa er at mervediavgiftsatsen for gebyr på vatn og avløp blei redusert fro 25% til 15% med virkning frå 1. juli 2025. Den andre endringa er at maksimal avskrivings tid for ledningsnett har auka frå 40 år til 80 år. I 2026 utgjør desse regelendringane ca 2.000kr i redusert gebyr samanlikna med kva gebyret ville ha vore dersom regelendringane ikkje hadde blitt gjennomført.

Grafen nedanfor viser utvikling i lånegjeld frå 2010 til 2025 og budsjettert utvikling i 2026-2029:



- Den blå grafen viser samla lånegjeld. Samla lånegjeld var 334 mill. i 2010, 1.394 mill. i 2025, og er forventa å stige til 1.793 mill. i 2029.
- Den grå grafen viser lån til investering. Dette er samla lån fråtrekt startlån (vidareutlån). Lån til investeringar var 325 mill. i 2010, 1.287 mill. i 2025, og er forventa å stige til 1.599 mill. i 2029.


- Den lilla grafen viser lån til investering eksklusiv VAR. Den var på 250 mill. i 2010, 943 mill. i 2025, og er forventet å reduserast til 884 mill. i 2029.
- Den svarte grafen er lån til VAR (sjølvkost). Den var 74 mill. i 2010, 344 mill. i 2025, og er forventet å stige til 715 mill. i 2029.
- Den oransje grafen er startlån (vidareutlån). Den var 9 mill. i 2010, 106 mill. i 2025, og er forventet å stige til 194 mill. i 2029.
- Den grønne grafen viser lån vi har med rentekompensasjon frå Husbanken. Denne typen lån var på 64 mill. i 2010, 25 mill. i 2025, og forventet 9 mill. i 2029.

4. Bruk av disposisjonsfond for å saldere rekneskap og budsjett

I 2024 blei det brukt 49,6 mill av disposisjonsfondet. Saldo på disposisjonsfondet pr 31.12.24 er 82,2 mill. Prognose for bruk av disposisjonsfond i 2025 er 36 mill. Utviklinga må snu raskt for å unngå at disposisjonsfondet blir brukt opp. For å unngå dette må både utgiftene reduserast og inntektene aukast.

Tabell og graf nedanfor viser utvikling i disposisjonsfond frå 2020 til 2024, prognose for 2025, og budsjett, handlings- og økonomiplan for 2026-2029.

Disposisjonsfond	2020	2021	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Saldo i mill. kroner	99,4	125,2	145,4	131,8	82,2	46,2	23,9	27,1	36,9	46,4



Blå graf viser utvikling i nivå på disposisjonsfond. Rød graf viser kva disposisjonsfondet burde ha vore på ut frå vedtatt finansielt måltal (10% av brutto driftsinntekter).

3.5 KOSTRA

KOSTRA er ei forkorting for kommune-stat-rapportering. Gjennom KOSTRA sender alle norske kommunar og fylkeskommunar inn tal frå sine tenesteområde til Statistisk sentralbyrå (SSB).

Utvikling i økonomiske nøkkeltal

Tabellen under viser netto driftsutgift per innbyggjar sortert etter tenesteområde. Utgiftsnivået i Sula kommune er lavere enn i Kostragruppe 1 som Sula kommune tilhøyrar. Kostragruppe 1 består av kommuner med innbyggertal på mellom 2.000 og 9999 og med lavt kostnadsnivå og lavt inntektsnivå.

Netto driftsutgift pr innbygger i Sula kommune var 76.815kr i 2024. Til samanlikning var gjennomnittet i Kostragruppe 1 på 80.895kr, gjennomsnitt i Møre og Romsdal var 83.459kr og landsgjennomsnittet var 82.598kr

Område	Sula				Kostragruppe 1			
	2024	2023	2022	2021	2024	2023	2022	2021
Grunnskole	16 232	16 241	15 037	16 032	19 037	19 146	18 048	18 430
Pleie og omsorg	27 480	28 236	24 711	24 637	25 491	26 517	24 949	24 645
Barnevern	3 215	2 943	3 053	2 448	2 956	3 123	3 035	2 614
Barnehage	11 192	11 372	10 886	10 940	11 311	11 562	10 818	11 216
Kommunehelse	4 010	3 883	4 121	3 695	4 597	4 563	4 313	4 324
Sosiale tjenester	2 530	2 593	1 947	2 064	4 154	4 010	3 002	2 975
Kultur og idrett	1 635	1 724	1 536	1 612	2 331	2 422	2 339	2 318
Plan, kulturminner, natur	1 115	1 048	1 102	821	1 032	1 125	926	842
Adm, styring, fellesutgifter	6 157	6 074	5 778	5 846	6 252	6 696	6 242	6 080
Andre områder	3 249	3 443	3 482	3 564	3 734	3 787	3 843	3 766
Totalt	76 815	77 557	71 653	71 659	80 895	82 951	77 515	77 210

Kjelde: KOSTRA-tal frå SSB for 2024. Analyseverktøyet «Framsikt Analyse» er benytta. Tala i tabellen er inflasjonsjustert og justert for utgiftsbehov.

Teoretisk innsparingspotensial

Tabellen under viser teoretisk innsparingspotensial (i mill. kroner) samanlikna med Kostragruppe 1. Den viser kor mykje meir/mindre Sula kommune hadde brukt per område dersom vi hadde hatt eit likt kostnadsnivå som gjennomsnittet i Kostragruppe 1.

Område	Kostragruppe 1 2024	Kostragruppe 1 2023
Grunnskole	-33,4	-32,6
Pleie og omsorg	19,5	16,2
Barnevern	2,3	-1,5
Barnehage	-1,3	-2,2
Kommunehelse	-5,7	-6,3
Sosiale tjenester	-10,7	-8,5
Kultur og idrett	-6,8	-6,5
Plan, kulturminner, natur	0,8	-0,7
Adm, styring, fellesutgifter	-0,9	-6,0
Andre områder	-5,2	-2,9
Totalt	-41,4	-51,0

I [årsmelding 2024 del 1](#), side 42 til side 47 står det meir om utgiftsnivå samanlikna med andre kommunar.

3.6 Finansielle måltal

I tråd med kommunelova § 14-2 bokstav c, skal kommunestyret vedta finansielle måltal for utviklinga i kommunen sin økonomi. Dei finansielle måltala blir vedtatt kvart år i forbindelse med budsjettbehandling.

Kommunedirektør foreslår følgende vedtak i budsjett 2026 og økonomiplan 2026-2029:

Sula kommune skal forvalte økonomien slik at den økonomiske handleevna vert ivaretatt over tid. Kommunen skal innrette den langsiktige økonomiplanlegginga slik at ein styrer mot følgjande finansielle måltal:

- Netto driftsresultat skal over tid utgjere minimum 1,75 % av brutto driftsinntekter.
- Disposisjonsfondet skal over tid minimum utgjere 10 % av brutto driftsinntekter.
- Netto lånegjeld i prosent av brutto driftsinntekter skal under 100% innan 2040.
- Netto lånegjeld (eksklusiv VAR) i prosent av brutto driftsinntekter (eksklusiv VAR) skal under 75% innan 2040.

Tabellane nedanfor viser korleis dei finansielle måltala har utvikla seg i perioden 2019-2024, samt prognose for 2025 og for økonomiplanperioden 2026-2029.

Netto driftsresultat:

Netto driftsresultat	Beløp	Nøkkeltal Sula	Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra-gruppe 1
Økonomiplan 2029	9 507 222	0,9 %				
Økonomiplan 2028	9 780 600	0,9 %				
Økonomiplan 2027	3 153 830	0,3 %				
Budsjett 2026	-21 491 873	-2,0 %				
Prognose 2025	-32 300 000	-3,2 %				
Regnskap 2024	-42 317 814	-4,2 %	-0,3 %	-1,2 %	-0,4 %	-1,6 %
Regnskap 2023	-13 631 200	-1,4 %	2,5 %	0,3 %	0,8 %	-0,8 %
Regnskap 2022	18 760 642	2,1 %	2,9 %	1,9 %	3,0 %	1,6 %
Regnskap 2021	32 089 880	3,8 %	0,4 %	1,8 %	4,3 %	3,6 %
Regnskap 2020	-3 807 858	-0,5 %	-1,7 %	1,0 %	2,7 %	0,9 %
Regnskap 2019	4 693 730	0,7 %	-2,5 %	-0,7 %	1,9 %	0,3 %

Netto driftsresultat består av løpende inntekter fratrasket løpende utgifter. Nøkkeltalet måler om kommunen si drift går i balanse. Eit positivt netto driftsresultat gir økt handlingsrom i budsjettåret.

Sula kommune har hatt negativt driftsresultat dei siste åra. Det blir også budsjettert med negativt driftsresultat i 2026. I økonomiplan 2026-2029 er det lagt ein plan for å komme i økonomisk balanse frå 2027.

Oslo Economics og Telemarksforskning publiserte i mai 2025 rapporten «Anbefalinger om nivå på sentrale økonomiske nøkkeltall for kommunal sektor». Rapporten blei utarbeida på oppdrag frå KS. Der framgår det at den generelle anbefalinga for kommuner er på 1,75%. Dette er den same anbefalinga som Teknisk beregningsutvalg (TBU) tidlegare har gitt.

Disposisjonsfond:

Disposisjonsfond	Beløp	Nøkkeltal Sula
Økonomiplan 2029	46 365 216	4,2 %
Økonomiplan 2028	36 857 996	3,4 %
Økonomiplan 2027	27 077 395	2,5 %
Budsjett 2026	23 923 565	2,2 %
Prognose 2025	44 232 330	4,4 %
Regnskap 2024	82 232 330	8,2 %
Regnskap 2023	131 793 610	14,0 %
Regnskap 2022	145 400 366	16,3 %
Regnskap 2021	125 197 074	14,8 %
Regnskap 2020	99 357 401	12,7 %
Regnskap 2019	84 807 153	11,2 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra-gruppe 1
1,8 %	8,1 %	11,3 %	8,4 %
1,8 %	9,3 %	13,3 %	10,4 %
2,0 %	10,1 %	14,7 %	12,0 %
0,3 %	8,9 %	13,5 %	11,3 %
0,9 %	8,0 %	11,7 %	9,6 %
1,9 %	7,7 %	10,7 %	8,7 %

Disposisjonsfondet er avsetninger som kommunestyret kan disponere fritt. Midlar på disposisjonsfond stammar frå tidlegare års overskot. Eit disposisjonsfond av ein viss størrelse mogleggjer tiltak i økonomiplanperioden. Midlane er i tillegg ein buffer mot uføresette kostnader eller inntektssvikt.

Disposisjonsfondet til Sula kommune har blitt redusert dei siste åra. I økonomiplan 2026-2029 er det lagt ein plan for å snu denne utviklinga. Prognose/budsjett indikerer at disposisjonsfondet vil bli på eit kritisk nivå ved utgangen av 2026.

Oslo Economics og Telemarksforskning sin gjennomsnittsanbefaling for kommunar er på 5%. Får å ha eit større økonomisk handlingsrom og for å ha ein større økonomisk buffer har vi vurdert at 10% er eit hensiktsmessig langsiktig mål for Sula kommune.

Netto lånegjeld:

Netto lånegjeld	Beløp	Nøkkeltal Sula
Økonomiplan 2029	1 568 732 559	142,7 %
Økonomiplan 2028	1 506 967 691	137,4 %
Økonomiplan 2027	1 450 069 075	133,1 %
Budsjett 2026	1 383 296 104	130,0 %
Prognose 2025	1 157 296 104	113,9 %
Regnskap 2024	1 142 709 642	114,3 %
Regnskap 2023	1 125 501 158	119,2 %
Regnskap 2022	1 112 221 028	124,4 %
Regnskap 2021	1 000 251 266	117,9 %
Regnskap 2020	910 614 723	116,5 %
Regnskap 2019	917 588 895	118,8 %

Ålesund kommune	Møre og Romsdal	Landet	Kostra-gruppe 1
117,1 %	108,9 %	90,2 %	92,6 %
110,2 %	110,7 %	88,8 %	94,3 %
104,3 %	112,4 %	88,1 %	96,5 %
101,5 %	112,2 %	87,3 %	96,2 %
102,4 %	110,8 %	89,1 %	97,6 %
100,0 %	108,8 %	85,4 %	94,3 %

Netto lånegjeld eks. VAR	Beløp	Nøkkeltal Sula
Økonomiplan 2029	867 414 073	86,4 %
Økonomiplan 2028	814 745 360	81,2 %
Økonomiplan 2027	795 498 534	79,5 %
Budsjett 2026	868 220 409	88,1 %

Tabellen over viser netto lånegjeld totalt for Sula kommune. Tabellen til venstre viser netto lånegjeld eksklusiv VAR. Forklaringa på nedgang i prosent frå 2026 til 2027 er sal av Vasset Borettslag, betaling av avdrag, samtidig som nytt låneopptak er lavt i 2027

Netto lånegjeld er total lånegjeld minus vidareutlån og ubrukte lånemidlar. Høg netto lånegjeld gir redusert handlingsrom. Dette fordi kostnader knytt til renter og avdrag bind opp ein stor andel av økonomien.

Oslo Economics og Telemarksforskning sin gjennomsnittsanbefaling for kommunar er at netto lånegjeld ikkje bør overstige 85% av brutto driftsinntekter.

Det er vurdert som hensiktsmessig å splitte opp måltal for netto lånegjeld. Vi har eit måltal for netto lånegjeld totalt (ordinær drift og VAR), og eit måltal for netto lånegjeld eksklusiv VAR (Vatn, Avløp, Renovasjon).

4. Budsjett og økonomiplan drift

I dette kapittelet kan du lese om:

Budsjett og økonomiplan for drift, og korleis ressursane blir prioritert og fordelt. Her blir det gjort greie for:

Prinsipp for prioritering av budsjettmidlar – vurderingar av lovpålagde oppgåver, behov og etterspurnad, demografi, effektivitet, politiske mål og risiko.

Usikre moment i driftsbudsjettet – forhold utanfor kommunen sin kontroll som kan påverke rammer og behov for budsjettjusteringar gjennom året.

Bevilgningsoversikt drift – oppstilling av frie disponible inntekter, rammene til ulike budsjettområde og netto finansutgifter, i samsvar med gjeldande forskrift. Notar til bevilgningsoversikt drift er inkludert i vedlegg til budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029.

Økonomisk oversikt drift – samla oversikt over kommunen sine inntekter og utgifter.

4.1 Prinsipp for prioritering av budsjettmidlar til drift

Det er mange faktorar som er med i vurderinga av korleis budsjettmidlane til drift skal fordelast, blant anna desse:

- Lovpålagde oppgåver og minimumskrav
- Behovsvurderingar/ etterspurnad etter tenester og kapasitet
- Demografiske utviklingstrekk
- Analysar av effektivitet, produktivitet og ressursutnytting, samt prognose for 2025
- Politiske mål, samfunnsutvikling og strategiske satsingar
- Risikoanalyse

4.2 Usikre moment i driftsbudsjettet

Driftsbudsjettet er utarbeida basert på kjente rammevilkår. Det er mange forhold, utanfor kommunens kontroll, som kan endre seg. Dette gjeld for eksempel rammeoverføringer frå staten, nye lovkrav, utvikling i rentenivå, utvikling i verdien av på finansielle plasseringar, auka behov for kostbare kommunale tenester osv. Denne typen endringar vil bli følgt opp gjennom året. Ved behov vil det bli foreslått budsjettendringar.

4.3 Bevilgningsoversikt drift

I tråd med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.» (§ 5-1) skal budsjett/økonomiplan innehalde bevilgningsoversikt drift (§5-4).

Oppstillinga startar med ei oversikt som viser kommunen sine frie disponible inntekter. Dette er inntekter som ikkje knyt seg til bestemte formål i budsjettet, der kommunestyret avgjer kva midlane skal gå til. Inntekter som er knytt til bestemte formål er inkludert i rammene til dei ulike budsjettområda (øyremerka tilskot, sjukelønnsrefusjonar, brukarbetalingar og gebyr). Dei frie inntektene skal dekke «sum bevilgningar drift, netto» (post 6 i oppstilling), samt netto finansutgifter.

Bevilgningsoversikt drift etter § 5-4, 1. ledd	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Note
1 Rammetilskudd	395 101 805	418 055 000	430 797 000	430 797 000	430 797 000	430 797 000	1
2 Inntekts- og formueskatt	301 790 006	334 690 000	371 413 000	376 413 000	378 913 000	381 413 000	1
3 Eiendomsskatt	11 560 135	12 000 000	24 000 000	36 000 000	36 000 000	36 000 000	2
4 Andre generelle driftsinntekter	27 534 447	25 550 000	21 100 000	17 300 000	15 500 000	14 200 000	3
5 Sum generelle driftsinntekter	735 986 393	790 295 000	847 310 000	860 510 000	861 210 000	862 410 000	
6 Sum bevilgninger drift, netto	707 357 019	733 546 482	777 304 407	755 454 349	744 560 847	741 667 858	4
7 Avskrivninger	57 343 950	57 672 207	57 000 000	62 000 000	65 000 000	68 000 000	5
8 Sum netto driftsutgifter	764 700 969	791 218 689	834 304 407	817 454 349	809 560 847	809 667 858	
9 Brutto driftsresultat	-28 714 575	-923 689	13 005 593	43 055 651	51 649 153	52 742 142	
10 Renteinntekter	7 841 198	5 000 000	5 700 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000	6
11 Utbytter	254 754	0	0	0	0	0	
12 Gevinster og tap finansielle omløpsmidler	17 668 405	10 000 000	6 000 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000	7
13 Renteutgifter	49 211 545	49 722 362	54 197 466	59 439 936	61 867 169	64 399 788	8
14 Avdrag på lån	47 500 000	50 080 000	49 000 000	53 461 885	56 001 384	57 835 132	5
15 Netto finansutgifter	-70 947 188	-84 802 362	-91 497 466	-101 901 821	-106 868 553	-111 234 920	
16 Motpost avskrivninger	57 343 950	57 672 207	57 000 000	62 000 000	65 000 000	68 000 000	5
17 Netto driftsresultat	-42 317 813	-28 053 844	-21 491 873	3 153 830	9 780 600	9 507 222	
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	
18 Overføring til investering	0	0	0	0	0	0	
19 Avsetninger til bundne driftsfond	10 517 125	5 903 000	1 244 057	0	0	0	9
20 Bruk av bundne driftsfond	-3 273 659	-195 000	-427 165	0	0	0	9
21 Avsetninger til disposisjonsfond	0	0	0	3 153 830	9 780 600	9 507 222	10
22 Bruk av disposisjonsfond	-49 561 280	-33 761 844	-22 308 765	0	0	0	10
23 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0	
24 Sum disp. eller dekning av netto driftsres.	-42 317 814	-28 053 844	-21 491 873	3 153 830	9 780 600	9 507 222	
25 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0	

Spesifikasjon av post 6 "Sum bevilgninger drift, netto":

Netto bevilgninger etter § 5-4, 2. ledd	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Note
ORGANISASJON OG UTVIKLING	62 867 346	63 616 504	61 450 111	56 226 111	56 088 111	56 838 111	11
KULTUR OG OPPVEKST	338 177 949	359 406 342	361 210 973	360 210 973	360 210 973	360 210 973	12
HELSE OG MESTRING	307 075 734	314 178 000	318 549 809	316 499 809	313 799 809	313 799 809	13
SAMFUNN EKSL. VAR (TEKNISK SEKTOR)	38 652 440	38 053 713	38 153 713	37 053 713	36 053 713	36 053 713	14
VAR (eksklusiv bundne fond)	-32 686 470	-32 069 000	-32 292 629	-42 159 804	-47 813 897	-49 451 538	15
POLITISK STYRING	6 182 070	6 490 817	5 897 255	6 427 255	5 897 255	6 427 255	16
AVSETNING LØNNS- OG PRISVEKST		592 287	28 700 000	28 700 000	28 700 000	28 700 000	17
FELLESOMRÅDE							
Pensjon (premieavvik, amortisering mm)	-13 267 993	-17 022 181	-4 914 825	-8 103 708	-8 975 117	-11 510 465	18
Andre utgifter	355 943	300 000	550 000	600 000	600 000	600 000	
SUM	707 357 019	733 546 482	777 304 407	755 454 349	744 560 847	741 667 858	

Notar til beløpa ovanfor ligg i vedlegg til budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029.

4.4 Økonomisk oversikt drift

I tråd med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.» (§ 5-1) skal budsjett/økonomiplan innehalde økonomisk oversikt drift (§5-6).

Oppstillinga gir oversikt over kommunen sine inntekter og utgifter.

Økonomisk oversikt drift etter forskrift § 5-6	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
1 Rammetilskudd	395 101 805	418 055 000	430 797 000	430 797 000	430 797 000	430 797 000
2 Inntekts- og formuesskatt	301 790 006	334 690 000	371 413 000	376 413 000	378 913 000	381 413 000
3 Eiendomsskatt	11 560 135	12 000 000	24 000 000	36 000 000	36 000 000	36 000 000
4 Andre skatteinntekter	0	0	0	0	0	0
5 Andre overføringer og tilskudd fra staten	27 534 447	25 550 000	21 100 000	17 300 000	15 500 000	14 200 000
6 Overføringer og tilskudd fra andre	125 821 040	84 214 910	73 069 827	74 269 827	75 469 827	75 469 827
7 Brukerbetalingar	32 574 671	28 668 013	27 574 796	27 574 796	27 574 796	27 574 796
8 Salgs- og leieinntekter	105 566 385	112 769 443	116 194 577	126 878 644	132 532 737	134 170 378
9 Sum driftsinntekter	999 948 489	1 015 947 366	1 064 149 200	1 089 233 267	1 096 787 360	1 099 625 001
10 Lønnsutgifter	506 031 057	514 749 215	541 637 100	533 463 100	530 825 100	530 825 100
11 Sosiale utgifter	135 389 350	146 111 025	151 118 172	147 929 290	147 057 881	144 522 532
12 Kjøp av varer og tjenester	274 938 853	257 503 460	261 371 412	262 768 303	262 238 303	262 768 306
13 Overføringer og tilskudd til andre	55 107 040	40 968 788	40 166 923	40 166 923	40 166 923	40 916 923
14 Avskrivningar	57 343 950	57 672 207	57 000 000	62 000 000	65 000 000	68 000 000
15 Sum driftsutgifter	1 028 810 248	1 017 004 695	1 051 293 607	1 046 327 616	1 045 288 207	1 047 032 861
16 Brutto driftsresultat	-28 861 760	-1 057 329	12 855 593	42 905 651	51 499 153	52 592 140
17 Renteinntekter	7 988 382	5 133 640	5 850 000	5 650 000	5 650 000	5 650 000
18 Utbytter	254 754	0	0	0	0	0
19 Gevinster og tap finansielle omløpsmidler	17 668 405	10 000 000	6 000 000	5 500 000	5 500 000	5 500 000
20 Renteutgifter	49 211 545	49 722 362	54 197 466	59 439 936	61 867 169	64 399 788
21 Avdrag på lån	47 500 000	50 080 000	49 000 000	53 461 885	56 001 384	57 835 130
22 Netto finansutgifter	-70 800 004	-84 668 722	-91 347 466	-101 751 821	-106 718 553	-111 084 918
23 Motpost avskrivningar	57 343 950	57 672 207	57 000 000	62 000 000	65 000 000	68 000 000
24 Netto driftsresultat	-42 317 814	-28 053 844	-21 491 873	3 153 830	9 780 600	9 507 222
Disp. eller dekning av netto driftsresultat:	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029
25 Overføring til investering	0	0	0	0	0	0
26 Avsetningar til bundne driftsfond	10 517 125	5 903 000	1 244 057	0	0	0
27 Bruk av bundne driftsfond	-3 273 659	-195 000	-427 165	0	0	0
28 Avsetningar til disposisjonsfond	0	0	0	3 153 830	9 780 600	9 507 222
29 Bruk av disposisjonsfond	-49 561 280	-33 761 844	-22 308 765	0	0	0
30 Dekning av tidligere års merforbruk	0	0	0	0	0	0
31 Sum disp. eller dekning av netto driftsres.	-42 317 814	-28 053 844	-21 491 873	3 153 830	9 780 600	9 507 222
32 Fremført til inndekning i senere år	0	0	0	0	0	0

5. Budsjett og økonomiplan investering

I dette kapittelet kan du lese om:

Investeringane i Sula kommune og prinsippa som styrer prioritering og finansiering. Her blir det gjort greie for:

Prinsipp for styring og prioritering av investeringar – vurdering av effektivisering, sjølvfinansiering og nødvendige tiltak for å sikre forsvarleg tenesteyting, samt fastsett ramme for gjeldsgrad

Usikre moment i investeringsprosjekt – faktorar som prisstigning, endringar frå forprosjekt til hovudprosjekt, og korleis dette påverkar budsjett og driftskostnader.

Bevillingsoversikt investering – oppstilling av investeringar i varige driftsmidlar, vidareutlån og finansieringskjelder, i tråd med gjeldande forskrift. Notar til bevillingsoversikt investering er inkludert i vedlegg til budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029.

Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar – utvikling i lånegjeld, fordelinga mellom VAR og ordinær drift, samt årlege forpliktingar til private barnehagar og samarbeid med andre kommunale og interkommunale tenester.

5.1 Prinsipp for styring av/prioritering mellom investeringar

- Investeringar som bidreg til effektivisering av drifta, og er i tråd med strategi for heilskapleg innsats
- Investeringar som i stor grad er sjølvfinansierande, eller krev ein lågare del av lånefinansiering
- Investeringar som elles er heilt nødvendige med omsyn til evna til å levere forsvarlege tenester

I Sula kommune er det foreslått i dei finansielle måltala at gjeldsgrad (eksklusiv VAR) over tid skal vere maks 75 % av brutto driftsinntekter. Målet er å dempe risiko og stabilisere rammevilkår for drift.

Kommunedirektøren har prioritert etter prosjekt som allereie er starta opp, andre forpliktingar eller allereie inngåtte avtalar. Dette legg føringar for kva for økonomisk handlingsrom kommunen får og budsjetteringa bør vere realistisk i heile planperioden.

Investeringsplanen er inndelt i tre ulike typar investeringsutgifter:

- Ordinære investeringsprosjekt
- Sjølvkost investeringsprosjekt
- Vidareutlån – startlån til etablering i eigen bustad

5.2 Usikre moment i investeringsprosjekt

For fleire av kommunen sine investeringsprosjekt, og spesielt for bygge- og anleggsprosjekt, føreligg det fleire usikre moment.

Frå forstudie (fase 1) til hovudprosjekt (fase 4) i bygge- og anleggsprosjekt

Det er fleire usikre moment som påverkar kommunen sine bygge- og anleggsprosjekt i forkant av politisk beslutning om eit prosjekt skal gå vidare frå forprosjekt (fase 1), til forprosjekt (fase 2), til hovudprosjekt (fase 3). Estimatar som blir lagt fram i budsjett, handlings- og økonomiplanen er prognosar som baserer seg på overordna opplysningar og berekningar i ei tidleg fase av eit prosjekt. Estimatar endrar seg gjennom fasane og fram til endeleg politisk vedtak om gjennomføring av hovudprosjekt med endeleg budsjettbevilgning. Deretter utførast detaljprosjektering og bygging. Investeringsprosessane skal følgje [kommunens retningslinjer for bygge- og anleggsprosjekt](#).

5.3 Bevilgningsoversikt investering

I tråd med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.» (§ 5-1) skal budsjett/økonomiplan innehalde bevilgningsoversikt investering (§5-5). Oppstillingane skal også vise beløp for det førre budsjettåret og sist vedtekne årsrekneskap.

Oppstillinga viser kommunen sine investeringar i varige driftsmidlar (eigedom, veg, avløpsrensenlegg etc.) og andre investeringsutgifter som utlån av midlar. Post 6 i oppstillinga viser «Sum investeringsutgifter». Oppstillinga viser vidare korleis investeringane er finansiert. Kommunen har ulike finansieringskjelder; bruk av lån, kompensasjon for meirverdiavgift, tilskot, sal av varige driftsmidlar og finansielle anleggsmidlar, overføring frå drift etc.

Bevilgningsoversikt - invest. etter § 5-5, 1. ledd	Regnskap 2024	Budsjett 2025	Budsjett 2026	Budsjett 2027	Budsjett 2028	Budsjett 2029	Note
1 Investeringar i varige driftsmidlar	74 717 828	211 774 375	320 950 000	187 500 000	129 500 000	144 200 000	1
2 Tilskudd til andre investeringar	300 000	0	0	0	0	0	
3 Investeringar i aksjer og andeler i selskaper	1 704 560	1 900 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2 300 000	2
4 Utlån av egne midlar	1 286 900	0	0	0	0	0	
5 Avdrag på lån	0	0	0	0	0	0	
6 Sum investeringsutgifter	78 009 288	213 674 375	323 250 000	189 800 000	131 800 000	146 500 000	
7 Kompensasjon for merverdiavgift	5 789 416	14 335 918	19 490 000	7 000 000	16 800 000	24 800 000	1
8 Tilskudd fra andre	4 310 661	0	21 261 500	16 790 000	0	0	1
9 Salg av varige driftsmidlar	100 000	0	0	40 395 144	0	0	1
10 Salg av finansielle anleggsmidlar	0	0	0	0	0	0	
11 Utdeling fra selskaper	0	0	0	0	0	0	
12 Mottatte avdrag på utlån av egne midlar	40 489	0	0	0	0	0	
13 Bruk av lån	64 881 821	197 438 457	280 198 500	123 314 856	112 700 000	119 400 000	1
14 Sum investeringsinntekter	75 122 388	211 774 375	320 950 000	187 500 000	129 500 000	144 200 000	
15 Videreutlån	19 921 076	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	3
16 Bruk av lån til vidareutlån	19 921 076	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	3
17 Avdrag på lån til vidareutlån	1 772 917	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3
18 Mottatte avdrag på vidareutlån	1 599 579	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3 000 000	3
19 Netto utgifter vidareutlån	173 338	0	0	0	0	0	
20 Overføring fra drift	0	0	0	0	0	0	
21 Avsetningar til bundne investeringsfond	0	0	0	0	0	0	
22 Bruk av ubundet investeringsfond	-173 338	0	0	0	0	0	
23 Avsetningar til ubundet investeringsfond	0	0	0	0	0	0	
24 Bruk av ubundet investeringsfond	-2 886 900	-1 900 000	-2 300 000	-2 300 000	-2 300 000	-2 300 000	2
25 Dekning av tidligere års udekket beløp	0	0	0	0	0	0	
26 Sum overføring fra drift og netto avsetningar	-3 060 238	-1 900 000	-2 300 000	-2 300 000	-2 300 000	-2 300 000	
27 Fremført til inndeckn. i senere år	0	0	0	0	0	0	

Spesifikasjon av "ordinære investeringar". Oppstilling etter § 5-5, 2. ledd	2026	2027	2028	2029	Note
IKT- investeringar årleg rammeløyving (2026 pasientvarslingsystem)	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4.1.1
Kyrkja-investeringar årlege rammeløyving	500 000	500 000	500 000	500 000	4.1.2
Kommunale bygg- investeringar årleg rammeløyving	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	4.1.3
Kommunal bilpark- årleg ramneløyving	2 000 000	2 000 000	2 000 000	2 000 000	4.1.4
Tiltak for å redusere særleg farleg skuleveg	6 000 000	4 000 000	0	0	4.2.1
Bru Bakkenesvegen	2 100 000	0	0	0	4.2.2
Bru Svingen (Mauseidvåg)	520 000	0	0	0	4.2.2
Bru Pebakken	1 650 000	0	0	0	4.2.2
Overføringa av gatelys til fylkeskommune (etablere ny skap med straumforsyning (tennskap, og kabling m.m)	2 000 000	0	0	0	4.2.3
Trafikktryggingstiltak, små prosjekt	1 000 000	1 000 000	1 000 000	1 000 000	4.2.4
Tenestesenter (helsehus) Forstudie til behandling vår-2026)	1 000 000	6 000 000	80 000 000	120 000 000	4.3.1
Vurdering av barnehagekapasitet og ev bygging av kommunal barnehage (forprosjekt)	0	500 000	0	0	4.3.2
Leilighetsbygg: Vasset Borettslag (Hovudprosjekt)	40 000 000	20 000 000	0	0	4.3.3
Barne og avlastningsbustad (Hovudprosjekt)	32 030 000	0	0	0	4.3.4
Småhus (Hovudprosjekt)	8 100 000	0	0	0	4.3.5
Bukonsept i samarbeid med private (Nausthaugen)	0	0	0	0	4.3.6
Bukonsept i samarbeid med private- neste steg (forstudie)	0	500 000	0	0	4.3.7
Bustader til pers. med nedsatt funk. evne trinn 3 og 4 (forstudie)	500 000	0	0	0	4.3.8
Meiråpent bibliotek- teknisk løysing for sjølvbetjent bibliotek	300 000	0	0	0	4.4.1
Elås- elektronsike låsar i bustadar for å redusere tidsbruk til nøkkelhandtering	250 000	0	0	0	4.4.2
Utviding Langevåg kyrkjegård	1 000 000	0	0	0	4.4.3
Sum ordinære investeringer	101 950 000	37 500 000	86 500 000	126 500 000	

Spesifikasjon av "VAR investeringar". Oppstilling etter § 5-5, 2. ledd	2026	2027	2028	2029	Note
Salen Pumpestasjon	0	0	0	3 700 000	4.5.1
Rammeløyving vatn	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4 000 000	4.5.2
Rammeløyving avløp	15 000 000	16 000 000	10 000 000	10 000 000	4.5.3
Avløpsreinsanlegg	200 000 000	130 000 000	29 000 000	0	4.5.3
Sum VAR investeringer	219 000 000	150 000 000	43 000 000	17 700 000	

Sum investeringar (ordinære investeringar og VAR investeringar)	320 950 000	187 500 000	129 500 000	144 200 000	
--	--------------------	--------------------	--------------------	--------------------	--

Notar til investeringane ovanfor ligg i vedlegg til budsjett, handlings- og økonomiplan 2026-2029.

5.4 Oversikt over gjeld og andre vesentlege langsiktige forpliktingar

I tråd med «Forskrift om økonomiplan, årsbudsjett, årsregnskap og årsberetning for kommunar og fylkeskommunar mv.» (§ 5-1) skal budsjett/økonomiplan innehalde økonomisk over gjeld og andre vesentlege forpliktingar (§5-7).

5.4.1 Oversikt lånegjeld

Lånegjeld	2 025	2 026	2 027	2 028	2 029
Total lånegjeld 01.01	1 329 996 104	1 393 296 104	1 616 296 104	1 680 069 075	1 733 967 691
Låneopptak til investering	100 000 000	250 000 000	95 114 856	87 700 000	94 400 000
Låneopptak startlån	15 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000	25 000 000
Avdrag på lån til investering	-49 200 000	-49 000 000	-53 341 885	-55 801 384	-57 635 132
Avdrag på startlån	-2 500 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000	-3 000 000
Total lånegjeld 31.12	1 393 296 104	1 616 296 104	1 680 069 075	1 733 967 691	1 792 732 559
Videreformidlingslån (startlån)	106 000 000	128 000 000	150 000 000	172 000 000	194 000 000
Lån til investeringar	1 287 296 104	1 488 296 104	1 530 069 075	1 561 967 691	1 598 732 559

Lånegjelda har auka kraftig dei siste 10-15 åra. Lånegjelda vil fortsette å auke i økonomiplanperioden. Veksten i lånegjeld i økonomiplanperioden kjem i hovudsak av investering i nytt avløpsreinseanlegg.

Tabellen nedanfor viser utvikling i lån til investeringar i perioden 2010-2021:

Utvikling i lånegjeld 2010-2021	2010	2012	2014	2016	2018	2020	2021
Lånegjeld til investeringar	325 000 000	543 000 000	573 000 000	779 000 000	939 000 000	1 047 000 000	1 152 000 000

Tabellen nedanfor viser utvikling i lånegjeld for perioden 2022-2029. I tabellane viser vi fordelinga mellom lån til VAR (sjølvkost) og lån til ordinær kommunal verksemd.

Lånegjeld Sula kommune	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Samla lån Sula kommune	1 263 000 000	1 254 000 000	1 330 000 000	1 393 000 000	1 616 000 000	1 680 000 000	1 734 000 000	1 793 000 000
Startlån (videreutlån)	56 000 000	69 000 000	92 000 000	106 000 000	128 000 000	150 000 000	172 000 000	194 000 000
Lån til investering	1 207 000 000	1 185 000 000	1 238 000 000	1 287 000 000	1 488 000 000	1 530 000 000	1 562 000 000	1 599 000 000
Andel VAR av lån til inv.	22 %	23 %	24 %	27 %	37 %	45 %	46 %	45 %

Lån til investering	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Lån eksklusiv VAR	943 000 000	911 000 000	947 000 000	943 000 000	934 000 000	839 000 000	844 000 000	884 000 000
Lån VAR	264 000 000	274 000 000	291 000 000	344 000 000	554 000 000	691 000 000	718 000 000	715 000 000
SUM	1 207 000 000	1 185 000 000	1 238 000 000	1 287 000 000	1 488 000 000	1 530 000 000	1 562 000 000	1 599 000 000

Finansutgifter (inkl VAR)	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Renteutgifter	23 200 000	39 700 000	49 200 000	51 700 000	54 200 000	59 400 000	61 900 000	64 400 000
Avdragsutgifter	45 000 000	48 000 000	47 500 000	49 200 000	49 000 000	53 500 000	56 000 000	57 800 000
Sum finansutgifter	68 200 000	87 700 000	96 700 000	100 900 000	103 200 000	112 900 000	117 900 000	122 200 000

Finansutgifter VAR	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Renteutgifter	9 200 000	11 600 000	12 400 000	14 300 000	21 100 000	26 600 000	29 000 000	29 500 000
Avdragsutgifter	10 000 000	10 400 000	10 300 000	10 900 000	9 400 000	13 300 000	16 000 000	16 700 000
Sum finansutgifter	19 200 000	22 000 000	22 700 000	25 200 000	30 500 000	39 900 000	45 000 000	46 200 000

Finansutgifter (eksl VAR)	2022	2023	2024	2025	2026	2027	2028	2029
Renteutgifter	14 000 000	28 100 000	36 800 000	37 500 000	33 100 000	32 800 000	32 900 000	34 900 000
Avdragsutgifter	35 000 000	37 600 000	37 200 000	38 300 000	39 600 000	40 100 000	40 000 000	41 100 000
Sum finansutgifter	49 000 000	65 700 000	74 000 000	75 800 000	72 700 000	72 900 000	72 900 000	76 000 000

5.4.2 Andre vesentlege forpliktingar

I note i [årsrekneskapen](#) blir vesentlege forpliktingar spesifisert. Den største av desse er våre årlege overføringer til private barnehagar. I 2026 har vi budsjettert med overføring til private barnehagar på 70 mill. Av andre forpliktingar av vesentleg karakter har vi avtale med Ålesund brannvesen på ca 10 mill i året, avtale med e-Kommune sunnmøre på rundt 7 mill. i året, avtale med Ålesund kommune om legevakt, nødnett, overgrepsmottak og augeblikkeleg hjelp på totalt rundt 8 mill. i året.

6. Oppfølging av samfunnsplanen – handlingsplan 2026

I dette kapittelet kan du lese om:

Korleis samfunnsplanen blir omsett til konkrete og operative tiltak som fremjar ønskja utvikling i Sula kommune. Her får du oversikt over:

- **Visjon og verdiar** – våre felles haldningar og mål som styrer dagleg arbeid, samhandling og politiske prioriteringar.
- **Handlingsplan 2026** – konkrete tiltak, som kan iverksettast innanfor den økonomiske ramma som er foreslått, for å oppnå måla i samfunnsplanen.
- **Måleindikatorar** – verktøy for å følge opp effekt og framdrift, vurdere om kommunen er på rett veg, og peike ut nye tiltak og strategiar.

I Sula kommune skjer strategiarbeidet i tett samspel mellom politikk og administrasjon – gjennom strategisamlingar, styringsdialogar og faste møtepunkt der status og måloppnåing blir gjennomgått. Idear og innspel frå desse møteplassane dannar grunnlag for kommundirektøren sitt forslag til handlingsplan 2026.

[Samfunnsplanen](#) er kommunen sin mest overordna, strategiske plan og vise korleis kommunen skal utvikle seg på lang sikt – både som organisasjon og samfunn. Samfunnsplanen skal ta utgangspunkt i langsiktige utfordringar i kommunen (desse er omtalt i kapittel 3.2). For å møte desse utfordringane vart det sett på som viktig å peike ut ein ny visjon for kommunen: *Vilje til å lykkast saman*.

Slik seier ordføraren det i sitt forord til samfunnsplanen:

Kommuneplanen er Sula kommune sitt overordna styringsverktøy når vi skal møte framtidens utfordringar. Med visjonen «Vilje til å lykkast saman!» set vi retning for korleis Sula kommune skal bli utvikla i dei neste 10 åra. Korleis kan vi bli ein god kommune å bu i framover utan samarbeid? Vi får fleire oppgåver å løyse men kan ikkje rekne med å løyse desse berre ved hjelp av pengar eller fleire tilsette. Mange av oppgåvene må løysast på nye måtar og vi treng å samarbeide mellom sektorar, kommunen, frivilligheita, næringslivet og innbyggjarar. Under samfunnsmål 4 som omhandlar dette, har vi sagt at «Sula kommune skal vere ein imøtekommande og løysingsorientert kommune som svarer innan lovpålagte fristar».

Ein styrke i arbeidet med samfunnsplanen har vore dei gode prosessane og diskusjonane i det tverrpolitisk midlertidige utvalet som fekk mandat til å arbeide med samfunnsplanen. Vidare har både kommunestyret, formannskapet og plan- og miljøutvalet vore involvert undervegs. Born og unge si involvering har òg vore viktig. Saman har vi vist vilje til å lykkast! Sula kommune må vere ærleg open og vise respekt og omsorg for sine innbyggjarar. Vi oppmuntrar og til å være resultatorienterte, innovative og framtidsretta gjennom å utnytte den enkelte sin kreativitet og kompetanse. Kommunen skal vere ein god arbeidsplass der humor, arbeidsglede og engasjement speilar organisasjonen og bidreg til godt omdømme. Sula kommune skal òg vere ein god kommune å bu og arbeide i!

Mål for Sula kommune 2025-2035

Vilje til å lukkast saman



Visjon og verdier

Sula kommune sitt verdigrunnlag gir uttrykk for haldningar som tilsette og folkevalde i kommunen skal strekke seg etter i det daglege virke overfor sine innbyggjarar, brukarar, samarbeidspartnarar og overfor kvarandre. Våre felles verdier skal drive oss framover, gjere oss tydelege og hjelpe oss med å ta gode avgjerder i kvardagen. Verdiane våre er også eit framtidsbilete på korleis vi ønsker å vere; noko å strekke seg etter. Når kommunen skal følgje opp samfunnsplanen, skal dette gjerast med utgangspunkt i visjonen; *Vilje til å lukkast saman* og verdiane; *Ærleg og open – Respekt og omsorg – Innovativ – Humor*.



I tillegg til samfunnsplanen har kommunestyret tidlegare vedtatt følgjande strategiar som skal møte framtidas utfordringar. Desse ligg også til grunn for forslag til handlingsplan for 2026.

- [Langsiktig drifts- og investeringsstrategi](#)
- [Tenestestrategi](#)
- [Eigedomsstrategi](#)

Tiltak i handlingsplan 2026

I Sula kommune skjer strategiarbeidet i tett samspel mellom politikk og administrasjon – gjennom strategisamlingar ([oppsummering av innspel frå strategisamling mai 2025](#)), styringsdialogar og faste møtepunkt der status og måloppnåing blir gjennomgått. Idear og innspel frå desse møteplassane dannar grunnlag for kommunedirektøren sitt forslag til handlingsplan 2026.

Tiltaka representerer mykje av utviklingsarbeidet som vil skje i kommunen i 2026. Desse kjem i tillegg til oppgåver knytt til forvaltning og drift, samt anna utviklingsarbeid. Kommunedirektøren sin vurdering er at tiltaka som er lagt inn i handlingsplanen, kombinert med ordinære driftsoppgåver, er det som er tilrådd å gjennomføre i 2026.

Dei fleste tiltaka i handlingsplanen kan gjennomførast innanfor budsjettet som er foreslått. Gjennomføring av nokre av tiltaka kan ha ekstern medfinansiering (tilskot osv.). Nokre vil også krevje omprioritering/budsjettrevisjon.



6.1 Barn og unge i Sula skal ha gode oppvekstvilkår (samfunnsmål 1)

Slik vil vi ha det:

- Alle barn og unge har godt utbytte av det ordinære barnehage- og skuletilbodet i kommunen
- Barn, unge, deira familiar og gravide får helsefremmande og førebyggjande tenester
- Føresette evnar å gi barn og unge rettleiing og støtte
- Barn, unge og familiar som treng det, får tidleg oppfølging og koordinerte tenester
- Barnehage- og skulemiljøet har god kvalitet, og er trygt, godt og inkluderande
- Barn og unge opplever fellesskap og tilhøyrse, også i fritida
- Alle barn og unge har like moglegheiter
- Barn, unge og deira familiar får nødvendig støtte i overgangar i oppveksten

Handlingsplan 2026:

Tiltak	Budsjett
Vidareutvikle prosjektet «Barn som meistarar» • felles språkplan frå barnehage til ungdomskule (heile læringsreisa) • nærværplan (bekymringsfullt skulefråvær) • forsterka tilbod barneskule • foreldrerolla – strukturere og forplikte innsats i tråd med mål 4 i kultur og oppvekstplan	Innanfor budsjett og tilskot
Etablere team: Familie- og ungdomsstøtte	Innanfor budsjett
Etablere team: Skulemiljøteam i Sulaskulen	Tilskot
Styrke samarbeid og satsing bibliotek og skulebibliotek	Tilskot og innanfor budsjett
Ferdigstille plan for symjeopplæring	Innanfor budsjett
Styrke samarbeid mellom SFO, kulturskule og frivilligheita	Tilskot
Redusere sosial ulikskap (barnefattigdom) • strukturere og forplikte innsats i tråd med mål 1 i kultur og oppvekstplan	Innanfor budsjett
Internasjonalt samarbeid – Erasmus+ • vi bidreg med kunnskap og erfaringsdeling gjennom jobbskygging og møter med andre land i Europa. Satsingane er blant anna sosial berekraft, digitalisering, innovasjon og entreprenørskap, fokus på det grønne skiftet i barnehage og skular	Tilskot
Prosjekt «Rekruttering og smart bemanning» vert utvida til å gjelde barnehagane. Målet er å finne betre løysingar for vikarinnleige.	Innanfor budsjett
Utarbeide plan for Sula som tidleg innsats- kommune for barn i risiko. (TIBIR-kommune)	Innanfor budsjett
Toppa bemanning i barnehage • Styrke eller avlaste grunnbemanning utover lovpålagte krav	Tilskot

For å vite om vi er rett på veg, følger vi med på desse indikatorane:

Indikator	Status (2024)	Mål 2026	Mål 2029
Barnehage			
Antall barn pr årsverk i grunnbemanning i kommunale barnehager	6,0	6,0	6,0
Andel barn som får ekstra ressurser til styrket tilbod (§37 barnehageloven) til førskolebarn, i forhold til alle barn i barnehage, alle barnehager	9,7% (2023)	9,3%	8,4 % (som kostra)
Andel barn i kommunale barnehagar som får spesialpedagogisk hjelp	4,7%	4,5%	4,2%
Skule			
Andel elevar i grunnskulen som får spesialundervisning (individuelt tilrettelagt opplæring)	10,6%	9,5%	landet
Andel timer spesialundervisning av antall lærertimer	20,4%	19,3%	19%
Elever på meistringsnivå 3-5 på nasjonale prøver i lesing på 8. trinn (prosent)	60,8%	landet	landet
Meistring - Elevundersøkelse 10. trinn meistring (maks 5,0)	3,9	4,0	4,0
Elevundersøkelsen 10- trinn – trivsel (maks 5,0)	4,0	4,0	4,0
Andel elevar av kommunens innbyggere 6-9 år i SFO	72%	72%	72%
Andel elevar med direkte overgang frå grunnskule til vidaregåande opplæring	97,4%	100%	100%

Andel elevar som fullfører vidaregåande skule	84,2% (2023)	nasjonalt	nasjonalt
Andel elevar 6-15 år i kommunens kulturskule, av antall barn 6-15 år	13,4%	15%	16%
Anna			
Andel barn med barneverntiltak pr 31.12 ift innbyggere 0-17 år	2,4%	2,4%	2,4%
Barn med undersøkelse ift. Antall innbyggere 0-17 år (barnevern)	3,3%	3,3%	3,3%
Andel sosialhjelpsmottakere med forsørgeransvar for barn under 18 år	27,3%	26,6% kostra	26,6% kostra

6.2 Sula har inkluderande lokalsamfunn for innbyggjarar i alle livsfasar

Slik vil vi ha det:
- Fleire av våre innbyggjarar er i arbeid og opplever å meistre eige liv, kvardag og eigen økonomi - Innbyggjarane får dei tenestene dei treng, når dei treng det, innanfor det vi har av samla ressursar i kommunen - Vi har eit mangfald av bustadtypar og buformer i kommunen - Eldre og vanskelegstilte som kan og vil, skal kunne bu lenger heime i eigna bustader - Innbyggjarar får heilskaplege tenester med fokus på førebyggjande arbeid og lågterskeltilbod - Alle innbyggjarar, uansett funksjonsevne, har god tilgang på aktivitet- og friluftsområde - Lokalsamfunna i kommunen har møteplassar som skaper tryggleik, inkludering og som bidrar til å redusere ulikheiter i samfunnet

Handlingsplan 2026:

Tiltak	Budsjett
Vidareføre prosjektet «Ei dør inn til kommunale tenester» - samle all sakshandsaming for omsorgstenester i tiltakskontoret og ny organisering for tiltakskontoret må besluttast - politisk vedtekne tenestebeskrivingar - utarbeide pårørandestrategi	Innanfor budsjett
Innarbeide modell for bruk av vurderingsteam i samarbeid med sjukehuset	Innanfor budsjett og tilskot
Vidareføre prosjektet «Inkludering» - fleire vert sjølvforsørgde og at kommunen vert «utprøvingsarena» for fleire enn i dag - vidareføre «Ung meistring 2» - opprette ei prosjektstilling for å redusere veksten i sosialhjelp - utvikle samarbeidet med oppvekst og oppfølgingstenesta i vidaregåande skule for å fange opp fleire og lette overgangane til vaksenlivet	Innanfor budsjett og tilskot
Vidareføre prosjektet «Enklare kvardag med smart teknologi» - auke bruken av velferdsteknologi for at fleire kan bu trygt heime - teknologi for effektiv tenesteyting - utvikle strategi for bruk av velferdsteknologi	Innanfor budsjett

Investere klokt for å møte demografiendringane og for effektiv drift. • sikre god forankring og involvering i planlegginga av nytt tenestehus og andre investeringsprosjekt • følgje opp plan for restrukturering av bu- og aktivitetstenesta (byggetrinn 3 og 4)	Innanfor budsjett (driftsbudsjett og investeringsbudsjett)
Oppfølge eigedomsstrategien med fokus på: • stimulere til leilighetsbygging i Langevåg sentrum • gjennomgang av kommunal bygningsmasse med tanke på sal • videre oppfølging av igangsatte utviklingsprosjekt og salgsprosjekt • boligutvikling – færre eldre i ueigna bustadar for å kunne bo lenger heime • lyse ut tilvisingsavtalar • legge til rette for leilighetsutbygging i fortetningsområda i arealplanrulleringa	Innanfor budsjett
Vurdere å auke kapasitet for heildøgnsstilbod i institusjon for personar med demens. Det blir lagt fram eiga sak om omdefinering og gjenopning av plassar ved Sulatunet.	Ikkje innarbeidd i budsjett
Rullere bustadsosial handlingsplan	Innanfor budsjett
Gjennomføre brukarundersøkingar i helse og meistring.	Innanfor budsjett
Førebyggjande arbeid og tiltak lavt i innsatstrappa • trimgupper, frisklivssatsing og fysisk aktivitet (Sjå gevinstkalkulator) • folkehelseiltak	Innanfor budsjett
Legge til rette for tilgang på aktivitets- og friluftsområde gjennom planprosessar og tilskotsformidling. • følge opp tiltak i Forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområde. Til dømes leikeplassar og næraktivitetsområde på tvers av generasjonar, benkar, løyper, Tufteparkar, sosiale møteplassar (universelt utforma).	Tilskot og innanfor budsjett
Vidareføre og utvide prosjekt «Rekruttering og smart bemanning» • rekruttering og rekrutteringskultur • bemanning og vikarforvaltning • arbeidstids- og ferieplanlegging • kompetanse og oppgåveforskyving	Innanfor budsjett

For å vite om vi er rett på veg, følger vi med på desse indikatorane:

Indikator	Status	Mål 2026	Mål 2029
Venteliste heildøgns omsorg	2024: 13	<10	<10
Netto driftsutgifter pr. innbyggjar til pleie og omsorg (sjå kapittel 3.5 <i>Kostra</i>)	2023: kr 28 372 2024: kr 27 480	≤KOSTRA-gruppa	≤KOSTRA-gruppa
Utnyttingsgrad korttids-rehab. avd. (institusjonsplassar)	2023: 82 % 2024: 71 %	80%	80%
Andel sosialhjelpstilfeller 18-24 år som andel av befolkning 18-24 år (Landet og kommunane utan Oslo, 2024 5,9%)	2023: 3,3 % 2024: 5,1 %	<4%	<4%
Gjennomsnittleg stønadslengd sosialhjelp (mnd.) (Landet 6,5)	2023: 5,4 2024: 5,3	<5	<4
Andel flyktningar i aktivitet eitt år etter introduksjonsprogram	2024: 64%	>60%	>60%
Bustadutvikling- tal leiligheter og tal einebustadar	Einebustadar 2025: 2671 Leiligheter 2025: 212		Einebustadar: 2700 Leiligheter: 290

6.3 Sula har ein trygg kommune for folk og natur (samfunnsmål 3)

Slik vil vi ha det

- Det blir arbeidd aktivt med oppdatering og oppfølging av risikovurderingar knytt til det aktuelle trusselbiletet og moglege hendingar
- Vi har ein fysisk, digital og organisatorisk infrastruktur som er rusta til å takle klimaendringar og akutte kriser
- Vi har ei arealforvaltning på land og sjø som samordnar samfunnsinteresser og oppfyller behovet for berekraftig verdiskaping
- Vi unngår negativ påverknad på naturmangfaldet og friluftsinnteresser, og ivaretar kulturmiljøet/kulturminna i kommunen
- Gjennom økt deling og gjenbruk blir det lagt til rette for redusert forbruk og sirkulærøkonomi
- Transportsystemet på land og sjø, er trygt og miljøvennleg, og tilpassa innbyggjarane og næringslivet sine behov så langt som råd

Handlingsplan 2026:

Tiltak	Budsjett
Videre arbeid med system for totalberedskap og overordna risikoanalyse: • Tiltakskort for dei mest relevante hendingane • Oppdatere planverk for alle tenesteområde • Auke kapasitet på aggregat, satellitt/ alternativ kommunikasjon.	Innanfor budsjett
Utarbeide kulturmiljøplan og plan for naturmangfald for å ta vare på viktige natur- og kulturverdiar, styrke lokal identitet og sikre berekraftig arealforvaltning	Tilskot
Prioritere ressursar til areal og reguleringsplanarbeid	Innanfor budsjett
Energieffektivisering av bygg. Skifte av lyskilder er prioritert ut frå lovpålagt krav og økonomisk effekt på driftskostnader. Det er gjort ei vurdering av samla kostnad for alle bygg som tilsei ein kostnad i storleik kr. 8 millionar. Ut frå omfang, arbeidsmengde og kostnad, bør utskifting skje over en periode på fleire budsjettår.	Ikkje innarbeidd i budsjett
Arrangere årleg ryddeaksjon for skulen, frivillige og innbyggjarar med fokus på kjeldesortering og problem knytt til forsøpling	Innanfor budsjett
Samarbeid med kommunane i Ålesundsregionen om interkommunalt sjøareal. Konkret tiltak som er aktuelt er felles sjøarealplan for kommunane i regionen.	Innanfor budsjett

For å vite om vi er rett på veg, følger vi med på desse indikatorane:

Indikator	Status Sula	Mål 2026	Mål 2029	Landet	Giske
Energiforbruk kommunale føremålsbygg (kWh/m ²). SSB 12150. Mål ut frå føresetnad om gjennomføring av investeringstiltak.	2023: 95 2024: 89	87	79	2024: 149	2024: 103
Trygg tilgang til rekreasjonsareal. SSB 09579.	2024: 66%	67%	70%	2024: 65%	2024: 39%

Mål ut frå føresetnad om tilrettelegging i kommuneplan og prioritering av støtte/samarbeid med frivillige lag.					
Andel kommunal veg med belysning (prosent). SSB 11845	2023: 94,9 2024: 94,9	96	98	2024: 64,6	2024: 94,4
Netto driftsutgifter til kommunale veger og gater (kr./km). Mål er satt ut fra uendret kvalitet. Størst potensiale for kostnadsreduksjon vurderes knyttet til nedlegging av kommunal veg. SSB 11814	2024: 193 220	189 400	188 700	2024: 227 738	2024: 108 517
Fornyng av kommunalt spillvannsnnett (% av total lengde). SSB 13144	0,19	1,0	1,0		2024: 0,30
Vasslekkasje, estimert lekkasje (m³/m,år). SSB 1187	5,9	5,8	5,4	2024: 3,9	2024: 1,8

6.4 I Sula samarbeider kommunen, frivilligheita, næringslivet og innbyggjarar (samfunnsmål 4)

Slik vil vi ha det:

- Sula er den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundregionen
- Sula har ein sterk frivillig sektor som bidrar til å skape aktive og inkluderande lokalsamfunn for innbyggjarar i alle aldrar
- Kommunen samarbeider med næringslivet og frivilligheita for å legge til rette for omgjevnader og aktivitetar som fremmar folkehelse, kvardagsmeistring og samfunnsdeltaking
- Sula er ein næringsvennleg kommune som lukkast med det grønne skiftet, utnyttar lokale fortrinn og teknologiske moglegheiter
- Innbyggjarar får ytre seg, og medverke i utvikling av det offentlege tenestetilbodet og lokalsamfunna
- Kommunen samarbeider med dei andre kommunane i regionen om oppgåver som kan bli løyst i fellesskap og der dette gir oss større utviklingskraft

Handlingsplan 2026:

Tiltak	Budsjett
Utarbeide planar som støttar Sula som den leiande kultur- og friluftskommunen i Ålesundsregionen, og som legge til rette for omgjevnader og aktivitetar som fremmar folkehelse, kvardagsmeistring og samfunnsdeltaking • Frivilligstrategi i samarbeid med lag og organisasjonar • Plan for friluftslivets ferdselsårar	Innanfor budsjett og tilskot
Gjennomføre årleg møter med frivilligheita	Innanfor budsjett
Følgje opp næringsstrategien som skal vedtakast i 2025, og gjennomføre tiltaka som vert nedfelt i handlingsplanen	Innanfor budsjett og tilskot

Bidra til minimum eitt fellesprosjekt i samarbeid med næringsliv som bidreg til auka attraktivitet	Innanfor budsjett og tilskot
Gjennomføre jamlege undersøkingar med frivilligheita og næringslivet for å kartlegge status på samarbeid med kommunen	Innanfor budsjett
Vurdere tiltak som gir innbyggjarane auka moglegheit til å ytre seg, og medverke i utvikling av det offentlege tenestetilbodet og lokalsamfunna. Eksempel på tiltak: • Informasjon i sosiale media om saker i komande politiske møte som kan ha interesse for innbyggjarane • Innbyggjarane sin «spørjetime» i kommunestyret • Teste brukarpanel, gjestebod og liknande for å gi innspel til tenesteutvikling og samfunnsutvikling, for eksempel i arealplanprosess	Innanfor budsjett
Utarbeide ein kommunikasjonsstrategi som støttar opp under og synleggjer samarbeidet med frivilligheit og næringsliv: « Vilje til å lykkast saman».	Innanfor budsjett
Samarbeide interkommunalt der dette gjev gevinst i form av auka kvalitet eller attraktivitet for kompetanse	Tilskot og innanfor budsjett

For å vite om vi er rett på veg, følger vi med på desse indikatorane:

Indikator	Status (2024)	Mål 2026	Mål 2029
Tiltak som understøtter mål om at vi er leiande kulturkommune: • “Kulturkarusell”, vidareføre tilbodet til alle 3. klassingane i Sula.	Gjennomført	Gjennomførast	Gjennomførast
• Besøk i folkebibliotek per innbyggjar, samanlikna med landet	2,7 / 4,8	2,7	3,0
• Antal deltakarar på UKM, lokalt og fylkesnivå	48 / 10	50 / 12	50 / 12
Poeng på Friluftsbarmometeret for Møre og Romsdal	54 (av 100)	65	70
NHOs Kommune-NM – Næringsliv	55	55	50
Arbeidsplassdekning	65,1%	65, %	67%
Andel uføretrygda alder 18 – 66 år	8,7% (landet 10,6%)	<8,5%	<8%
Innbyggjarane sine moglegheiter til å ytre seg: • Antal spørsmål frå innbyggjarar i «spørjetime» i kommunestyret • Sula kommune sin skår på innbyggjarmedverknad i organisasjonsdatabasen	- 0,07 / 1	10 0,1	15 0,15
Saksbehandlingstid ordinære byggesaker	Ikkje rapportert i 2024	21 dagar	21 dagar
Folketalsutvikling (pr 01.01.)	9 759	9 867	10 039

6.5 Sula kommune er ein nytenkande og attraktiv arbeidsgjevar (samfunnsmål 5)

Slik vil vi ha det:
• Innbyggerane er sette i sentrum og dei opplever at det er “éi dør inn” til kommunen • Det blir arbeidd systematisk med kompetanseheving og stimulerande arbeidsmiljø for å behalde og rekruttere tilsette • Strategisk og god leiing blir utøvd på alle nivå • Vi har ein kultur for å dele kunnskap og lære av kvarandre, både internt og saman med andre • Vi stimulerer til nyskaping og rom for prøving og feiling for å sikre nødvendig omstillingsfart • Medarbeidarskap blir utvikla gjennom oppfølging, medverknad og involvering av tilsette • Vi arbeider systematisk med arbeidsnærver og heiltidskultur slik at tilsette kan stå i jobb så lenge som mogleg • Vi kommuniserer på ein open og tillitsskapande måte, og har etablerte møteplassar for god dialog og eit tillitsbasert treparts-samarbeid

Handlingsplan 2026:

Tiltak	Budsjett
Utarbeide ei leiar- og medarbeidarplattform som sikrar felles haldningar i organisasjonen. (Mellom anna sikre « ei dør inn- haldning»)	Innanfor budsjett
Utarbeide ein samla overordna strategi for: • Kompeheving • Stimulerande arbeidsmiljø • Rekruttere og behalde • Få tilsette til å stå så lenge som mogeleg i arbeid • Heiltidskultur • Arbeidsnærver (redusert sjukefråver) • Godt trepartssamarbeid	Innanfor budsjett
Gjennomføre felles leiarutviklingsprogram: Nedfelle tydelege forventningar til godt og strategisk leiarskap i løpet av programmet	Tilskot
Samlingar/ møter på tvers i organisasjonen for deling og læring. Tilsette som står i konkrete omstillingsprosjekt deltar i fellessamlingar og deler av sine erfaringar	Innanfor budsjett
Løfte fram og kommunisere suksesshistorier som skaper attraktivitet og stoltheit	Innanfor budsjett
Rullere etiske retningslinjer. Gjennomføre økter med etisk refleksjon i alle delar av organisasjonen	Innanfor budsjett

For å vite om vi er rett på veg, følger vi med på desse indikatorane:

Indikator	Status 2024	Mål 2026	Mål 2029
Gjennomsnittleg stillingsprosent, turnuspersonell	78,5%	80%	>80%

Gjennomsnittsalder for avgang med alder/AFP	63,58 år (2025)	64,5 år	66 år
Sjukefråvær			
• Samla	8,2%	7,5%	6,8%
• Legemeldt	6,9% (landet 7,9%)	6,5%	6,5%
Score på medarbeidarkartlegging:			
• Relevant kompetanseutvikling	3,4 (2025)	3,6	4,0
• Meistringsorientert leiging	3,8 (2025)	4,0	4,2
Turnover	6,6% (landet 12,7%)	6%	5,5%



7.Kommunen sine tenesteområde

I dette kapittelet kan du lese om:

Status for kommunalområda i Sula kommune. Du kan lese om organisering, ressursbruk, utfordringar og moglegheiter, samt om budsjett og planlagte innsparingstiltak for 2026.

7.1 Kultur og oppvekst

Skildring av kommunalområdet

Kommunalområdet Kultur og oppvekst er fordelt på 9 einingar (4 kommunale barnehagar, 3 barneskular, 1 ungdomsskule og tiltakseining for barn og unge), kulturskule og fagstab med 2 rådgjevarar. Kommunalområdet er leia av kommunalsjef.

Kommunalsjef har hovudansvar knytt til leing og styring av alle verksemdar innan barnehage, skole, pedagogisk psykologisk teneste (PPT), barnevern, helsestasjon, vaksenopplæring, utekontakt, kulturteam og koordinator for samordning av lokale, førebyggjande tiltak som rus og kriminalitet for barn og unge.

Oppgåver og ansvar inneber koordinering av fagutvikling, forvaltningsoppgåver, kvalitetsoppfølging og internkontroll. Kommunalområdet har også ansvar for oppfølging av 4 private barnehagar. Forvaltning av barnehagemynde for kommunale og private barnehagar ligg organisatorisk under kommunedirektøren.

Fagstab fattar vedtak etter søknad om individuelt styrka tiltak (§37 barnehagelova) for barn med nedsett funksjonsevne for private barnehagar, logopedhjelp, elevar med behov for skuleskyss grunna særleg farleg eller vanskeleg skuleveg, enkeltvedtak for elevar med behov for individuelt tilrettelagt opplæring og personleg assistanse i private skular, elevar i fosterheim.

Utfordringar og mogelegheiter

Sjølv om Sula kommune på mange område ligg på linje med nasjonale tal, ser vi ein utvikling der fleire barn og unge ikkje får godt nok utbytte av det ordinære tilbodet i barnehage og skule. Dette fører til at ein større del av ressursane vert brukt på individuelle tiltak, medan mindre går til førebyggjande og tidleg innsats. Trenden er nasjonal, men krev både lokale og nasjonale grep.

Prosjektet «Barn som meistarar» er ei viktig satsing for Sula kommune, og ein ser allereie gode resultat, mellom anna gjennom alternativ opplæringsarena ved Sula ungdomsskule. Arbeidet med barn og unge omfattar òg støtte til foreldre og familiar. Her spelar BTI-modellen (Betre tverrfagleg innsats) ei sentral rolle for å sikre samhandling på tvers av fagmiljø og auka foreldreinvolvering.

Kommunen har gode system for tidleg og tverrfagleg innsats, og høg fagleg kompetanse innan heilskapleg arbeid med barn og familiar. For elevar med meir omfattande behov for tilrettelegging i skulekvardagen er det i gang arbeid med å vurdere andre måtar å løyse oppgåvene på. Korleis vi skal sikre kompetanse, kvalitet og tilstrekkeleg med ressursar for elevar i barneskulealder ser vi det er behov for å vurdere å etablere forsterka tilbod.

Høge mobbetal og trendar som auka bekymringsfullt fråvær i skule, gjer at vi må auke fokus på korleis førebygge og sette inn innsats når elevane blant anna opplever å ikkje ha det trygt og godt. Prosjekt etablering og utvikling av skulemiljøteam vert difor ei viktig satsing dei neste åra, samt utarbeiding av nærværs plan.

Kommunen har om lag full barnehagedekning frå 2026. Fødselstala held seg stort sett stabile på i overkant av 100 fødselar årleg, og historisk har fødselstala vore høgare enn SSB si framskriving. Dei fleste gravide vel å gå til jordmor for svangerskapskontrollar. Brukarundersøkingar viser at barna trivst i barnehagane og føresette er stort sett veldig fornøgde. Det er eit mål at fleire barn med særlege behov i barnehage skal kunne nyttiggjere seg det ordinære tilbodet. (reducere vedtak om tilrettelegging etter barnehagelova §37).

Satsing på språkopplæring og felles rammeverk innan heile oppvekst skal bidra til at barn og unge opplever at læringsreisa er noko dei kjenner seg igjen i, at tenestene arbeider koordinert og at førebygging og tidleg innsats er eit uttalt mål.

Barnehagane arbeider aktivt med tidleg foreldrerettleiing, og skulane tilbyr ulike program og kurs for foreldregrupper. Overgangane mellom barnehage, grunnskule og vidaregåande vert stadig betre ivaretekne, men overgangen til vidaregåande opplæring er framleis ei utfordring og som skal betrast. Det er avdekka behov for betre system og kommunikasjon mellom kommune og fylkeskommune på dette området. I språkplanarbeidet har vi fått med vidaregåande skular som vil vere eit ledd i å sikre overgangen betre framover. Prosjektet «Ung meistring», og etablering av familie- og ungdomsstøtte team vil auke satsing og fokus på støtte til ungdom på vidaregåande og på veg til ny livsfase.

Samfunnstrendar og Ungdata-undersøking viser ein auke i tal elevar som opplever manglande tryggleik og trivsel i skulekvardagen. Dette følger vi med på gjennom årleg elevundersøking i Sulaskulen, og på tal saker om elevar som opplever å ikkje ha det trygt og godt i skulen. Dette gjeld også elevar med funksjonsvariasjonar og dei som strevar sosialt. Skulane rapporterer om fleire elevar med behov for tilrettelegging og støtte, utan at ressursane aukar i takt med behova, og fell ikkje proporsjonalt med nedgang i tal elevar.

Sula kommune er av dei kommunane i landet som nyttar minst økonomiske ressursar per elev i landet. Handlingsrommet for ytterlegare effektivisering er difor lite, utan at det går ut over lovpålagde krav. For å sikre berekraftige tenester er det avgjerande å lukkast med inkluderande praksis, styrke normaltilbodet og dermed redusere behov for individuelle tiltak. Den nye opplæringslova opnar for meir fleksible løysingar på nokre område, og PPT arbeider aktivt for å ta i bruk dette handlingsrommet i tett samarbeid med skule, føresette og barn.

Både skule og barnehage er underlagt bemanningsnormer og kompetansekrav som legg sterke føringar for organisering og ressursbruk. Ein ny rettleiar om tilstrekkeleg bemanning i barnehagen kom våren 2025, og presiserer at tilstrekkeleg bemanning gjeld uavhengig av minimumsnorm for grunnbemanning i barnehage. Eigar og styrar er ansvarleg for at barnehagen har ei tilstrekkeleg bemanning for å drive tilfredsstillande pedagogisk verksemd. Barnehagane i Sula ligg i dag på minimumsnorm som er gitt lovkrav. Auke i rekrutteringsutfordringar og færre som vel å ta utdanning som barnehagelærarar kan bidra til utfordring framover.

Kommunen har eit rikt kultur- og fritidstilbod som verkar førebyggjande og inkluderande. Kulturskulen, fritidsklubben og arrangement som UKM og MOT-natt er viktige møteplassar for barn og unge. Nytt rammeverk for kulturskulen kan vere med og bidra til nye måtar å kunne gje eit kulturskuletilbod til fleire.

Det rus- og kriminalitetsførebyggjande arbeidet er organisert gjennom ein SLT-koordinator i 20% stilling, som samordnar innsatsen i og mellom kommune, politi, frivillige og nabokommunane Ålesund og Giske. Det er behov for å styrke dette samarbeidet vidare for å møte aukande utfordringar på feltet.

I Sula kommune vert det arbeidd godt med tiltak i heimen i saker der det er behov for å støtte opp om omsorg for barn. Barnevern viser til generell mangel på lokale fosterheimar både lokalt og nasjonalt, noko som fører til at barn må flytte ut av nærmiljøet. Det nasjonale Fosterheimsprosjektet i regi av Bufetat, som no vert sett i gang, gir håp om ei betre lokal løysing framover. For dei ungdommane som har samansette vanskar, inkludert rus og kriminalitet, er det ei utfordring å etablere nødvendige tiltak lokalt. Resultatet per no blir gjerne at ein må kjøpe tenester av private aktørar og statlege tiltak.

Sjølv om Sula kommune ikkje har privatskular, søker fleire elevar seg til private tilbod i nabokommunar. Årsakene til dette er ikkje kartlagde, men bør undersøkast nærare, då stabile elevtal er viktig for planlegging og optimal drift av skulane. Det er behov for å auke samarbeid i regionen for å sikre likeverdige tilbod for alle elevar.

Elevtalet i Sula kommune vil endre seg dei neste åra. Utarbeiding av ein skulebruksplan og barnehagebruksplan vil kunne gje eit kunnskapsgrunnlag for å analysere og vurdere framtidige strukturgrep tilpassa endringar i barne- og elevtal og behov.

Samandrag budsjett

Budsjettramme for Kultur og oppvekst i 2025 er på kroner 359 406 342. Denne budsjettramme er utgangspunkt for budsjett 2026.

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	359 406 342	359 406 342	359 406 342	359 406 342
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 940 000	-8 940 000	-8 940 000	-8 940 000
Budsjett for ungdomsrådet flytta til område Politisk	-52 070	-52 070	-52 070	-52 070
Auke utgifter elever i privatskular og i fosterheimar i andre kommuner	3 500 000	3 500 000	3 500 000	3 500 000
Auke kommunale barnehagar. Endra barnetal og redusert sats foreldrebetaling.	3 356 509	3 356 509	3 356 509	3 356 509
Endring i driftstilskot private barnehagar	2 940 192	2 940 192	2 940 192	2 940 192
KULTUR OG OPPVEKST, RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	361 210 973	360 210 973	360 210 973	360 210 973

- Omstilling / innsparing: Sjå eigen oppstilling.
- Auke i utgifter til elevar i privatskular og fosterheimar i andre kommunar: Utgiftsauken har allereie kome i 2025. Beløpet er ei tilpassing basert på kjende tal og faktiske forhold.
- Justering av budsjettramme for kommunale og private barnehagar er i hovudsak knytt til redusert foreldrebetaling som følgje av at makspris for barnehagane blei redusert frå 2.000kr pr måned til 1.200kr pr måned frå august 2025. For Sula kommune utgjør dette ca. 5 mill. kroner totalt for kommunale og private barnehagar (fører til auke i driftstilskot).

Innsparingstiltak 2026:

Kommunalområde kultur og oppvekst. Plan for innsparing			
Tiltak	Effekt 2026	Effekt 2027	Kommentar / Konsekvens
Felles			
Redusere utgifter til kompetanseheving.	-500 000	-500 000	Mindre moglegheit for kompetanse- og leiarutvikling
Skuleskyss	-200 000	-200 000	Omgjering av vedtak, og utbetring forventa gjennomført Grova mv. H-25
Barnehage			
Inntekter frå andre kommunar som har barnehagebarn gåande i privat barnehage i Sula kommune.	-400 000	-400 000	Venta større inntekt på barn i barnehage i Sula frå anna kommune, enn tal Sulabarn i anna kommune.
Effektivisering av drift i kommunale barnehagar (feriestenging)		-1000 000	Innsparinga er knytt til reduserte driftskostnader i kommunale barnehagar som vidare fører til redusert driftstilskot til private barnehagar.

Redusere innkjøp av leiker, samt utsette fornying av inventar. Redusere innleige ved fråvær.	-500 000	-500 000	Redusert kvalitet på inventar og utstyr, og knapt med ressursar til innleige ved korttidsfråvær/ press på tilsette.
Skule			
Reduksjon 0.5 årsverk knytt til integreringsarbeid.	-400 000	-400 000	Redusert kapasitet til flyktningar i skule på småtrinn og mellomtrinn
Reduksjon utgifter vaksenopplæring	-300 000	-300 000	Endra tilbod/ omfang av tid til vaksenopplæring til menneske med ulike funksjonsvariasjonar.
TBU - barnevern, PPT, helsestasjon mv.			
Reduksjon administrativ ressurs med 0,2 årsverk	-140 000	-140 000	Ny oppgåvefordeling mellom dei ulike fagområda
Barnevern -reduksjon kjøp av tenester inkludert kjøp av tenester frå staten	-2 400 000	-2 400 000	Ut frå kjende forhold vert ramme til kjøp frå staten redusert. Konsekvens er at eventuelle behov som måtte oppstå i løpet av året ikkje er tatt høgde for i budsjettet.
Redusert samla 0,75 årsverk barnevern, 0,3 årsverk spesialpedagogisk hjelp barnehage	-1 000 000	-1 000 000	Auka press på tilsette og redusert kapasitet til oppfølging. Plan om å byggje lavterskel team for barn og unge vert utfordrande.
Redusere innleige ved sjukefråvær og vakansar	-1 100 000	-1 100 000	Auka press på tilsette, nedprioritere oppgåver.
Kultur			
Reduksjon administrasjon kultur med 0,3 årsverk.	-300 000	-300 000	Kultur er omorganisert og reduksjon er allerede gjennomført i 2025. Stillinga er halde vakant i 2025.
Redusert ramme kommunale tilskot til lag og organisasjonar	-460 000	-460 000	Konsekvens er reduksjon i tilskot til frivillige lag og organisasjonar, og som bidreg til at dei sjølve må søke tilskot frå ulike andre tilskotsordningar.
Reduserte driftsutgifter utekontakt, fritidsklubb	-240 000	-240 000	Reduksjon i førebyggjande innsats, må løyse oppgåvene på andre måtar.
Kommunalområde kultur og oppvekst	-7 940 000	-8 940 000	

7.2 Helse og meistring

Skildring av kommunalområdet

Kommunalområdet Helse og meistring har 347,5 årsverk. Dette inkluderer 10 fastlegar og 5 fysioterapeutar med driftsavtale. Kommunalområdet er organisert i 6 einingar: NAV, Bu- og aktivitetstenesta, Helseavdelinga, Bukollektiv, Sulatunet og Heimetenesta. Tenestområdet er leia av kommunalsjef med hovudansvar knytt til leiing og styring av alle einingar innan eldreomsorg, demensomsorg, førebygging og rehabilitering, bu- og dagtilbod til menneske med funksjonsvariasjonar, legetenestene og NAV. Kommunalsjef har ansvar for koordinering av fagutvikling, forvaltningsoppgåver, kvalitetsoppfølging og internkontroll. Kommunalsjef har ein rådgjevar i sin stab.

Utfordringar og mogelegheiter

Dei kommunale helse- og omsorgstenestene står overfor store utfordringar i åra framover. Talet på eldre i Sula kommune aukar, og sannsynlegvis vil også behovet for tenester på alle nivå i innsatstrappa auke. Samstundes ser ein at talet på tenestemottakarar i yngre aldersgrupper òg aukar. Parallelt med dette blir det færre i yrkesaktiv alder, noko som fører til aukande utfordringar knytt til å rekruttere tilstrekkeleg med personell til tenestene.

Dersom kommunen held fram med å levere tenester med same omfang, kvalitet og personellintensitet som i dag, vil systemet kunne kollapse. For at kommunen skal kunne levere forsvarlege tenester til innbyggjarane i åra framover, er det nødvendig å gjere endringar både i måten tenestene blir tildelt på og i måten dei blir ytt.

Netto driftsutgifter til pleie og omsorg samla ligg noko høgare enn landsgjennomsnittet. Dersom tala blir brotne ned, syner det at det ikkje er eldreomsorga som ligg høgt, men tilbodet til innbyggjarar med funksjonsvariasjonar. Dette følgjer ein nasjonal trend der kostnader til «yngreomsorg» veks. Gode og tilrettelagde bukonsept for desse innbyggjarane er derfor eitt av dei viktigaste strategiske grepa kommunen kan ta for å sikre at tenestene blir berekraftige i framtida.

Uavhengig av brukargruppe er det avgjerande å tilby gode tenester lågt i innsatstrappa, og å leggje til rette for at brukarane bur i gode fellesskap. Dette gjer at flest mogleg kan klare seg sjølv, samstundes som dei kan vere til støtte for kvarandre. På denne måten blir det òg enklare for kommunen å yte god bistand innanfor ei berekraftig økonomisk ramme.

Kommunen står vidare overfor aukande behov innan bustad- og velferdstenester, noko som krev ei samordna og langsiktig tilnærming. Det er behov for å utvikle ein bustadpolitikk som kan møte ulike målgrupper sine behov, inkludert seniorar, personar med funksjons-nedsettingar og familiar med låg inntekt. Ein del av dette kan løysast gjennom bukonsept i samarbeid med private aktørar, som kan bidra til fleksible og tilpassa løysingar. Samstundes bør kommunen vurdere etablering av tenestehus som samlar fleire tenester på ein stad, og inngå tilvisingsavtalar for å sikre ein smidig og rettferdig tilgang til tenestene.

Den aukande bruken av sosialhjelp synleggjer behovet for målretta tiltak for økonomisk og sosial inkludering. Samstundes er det viktig å styrkje integreringstiltak og korte løp frå introduksjonsprogram til arbeid slik at fleire innbyggjarar raskt kan bli sjølvstendige deltakarar i arbeids- og samfunnslivet. Satsing på Ung meistring og førebyggjande arbeid generelt er også sentralt for å redusere behovet for meir omfattande og kostbare tenester på sikt. Prosjektperioden er over og vi vil omdefinere prosjektet til “Ung meistring 2” og søke midlar for ny prosjektperiode. Kommunedirektøren vil òg styrke innsatsen for å stanse og redusere veksten i sosialhjelp. Auka stillingsressurs vert finansiert av ein tilsvarande reduksjon i sosialhjelpa.

God koordinering og tydelege tenesteomtalar er avgjerande for at innbyggjarane skal få rett hjelp til rett tid. Eit felles kontaktpunkt – ei «dør inn» – kan rettlege innbyggjarane til riktig tenestenivå og sikre at ressursane blir brukt effektivt. Dette bidrar både til betre brukaroppleving og meir effektiv drift av tenestene. Komande år vil kommunestyret få framlagt tenestebeskrivingar for dei ulike tenestene som vil skildre innhaldet i dei ulike tenestene og soleis bidra til å avstemme forventningane. Denne prosessen er samkøyr med tilsvarande prosessar i dei fleste kommunane i fylket og med statsforvaltaren der målet er å få mest mogleg like tenestebeskrivingar. Vi må utarbeide ein strategi for pårørandearbeid neste år.

Auka behov kan likevel ikkje løysast berre gjennom førebygging, velferdsteknologi og effektivisering. Kapasiteten i heildøgnsomsorga må styrkjast for å møte den faktiske etterspurnaden. I dag er manglande kapasitet den største flaskehalsen, og auka press frå sjukehuset med utskrivingsklare pasientar stiller krav til fleksibilitet og rask tilpassing. For å sikre betre pasientflyt, og at rett teneste blir gitt på rett stad til rett tid, må kommunen både styrkje

kapasiteten og sikre effektiv ressursbruk. Neste år må vi avgjøre framtidig organisering av tiltakskontoret.

Samandrag budsjett

Budsjettramme for Helse og meistring i 2025 er 314.178.000kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026.

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
HELSE OG MESTRING , RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	314 178 000	314 178 000	314 178 000	314 178 000
Omstilling av drift / innsparingskrav	-7 364 191	-8 214 191	-8 214 191	-8 214 191
Beløp tilført i 2025. Auke for manglende heilårseffekt av innsparing	-3 600 000	-3 600 000	-3 600 000	-3 600 000
Innsparing NAV, integreringstenesta	0	0	-1 500 000	-1 500 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar. Effekt pensjon	3 200 000	2 000 000	800 000	800 000
Refusjon ressurskrevjande brukarar. Endring bruker	4 300 000	4 300 000	4 300 000	4 300 000
Ake som følge av auke i sats for basistilskot fastlege	836 000	836 000	836 000	836 000
Auke i behov i Bu- og aktivitetstenesta	7 000 000	7 000 000	7 000 000	7 000 000
HELSE OG MESTRING , RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	318 549 809	316 499 809	313 799 809	313 799 809

- Omstilling / innsparing: Sjå eigen oppstilling.
- Reduksjon i budsjettramme på 3,6 mill: I 2025 hadde Helse og meistring eit innsparingskrav på 12 mill. Plan for innsparing for 2025 viste at ein ikkje fekk full effekt av innsparingstiltaka før i 2026. Budsjettramma for Helse og meistring blei derfor auka med 3,6 mill i 2025. Beløpet er tatt ut av budsjettramma for 2026.
- Endring i refusjon ressurskrevjande brukarar. Dette er ei budsjettauke knytt til reduksjon i budsjettert refusjon. Deler av reduksjonen kjem som følge av redusert pensjonspåslag og deler kjem av bortfall av refusjonsgrunnlag for bruker sjølv om behovet for teneste er det same som tidlegare. Grunnen til at pensjonspåslag blir redusert er økt bruk av premiefond for pensjon.
- Auke i basistilskot fastlege: Satsane for basistilskot auka 01.07.25. I 2026 er det estimert at Sula kommune får 836.000kr i auka rammetilskot for å kompensere for auke i utgifter. Tilsvarende beløp blir brukt til å auke budsjettramma til Helse og meistring.
- Auke i behov i Bu- og aktivitetstenesta: Dette er knytt til auke i tenestebehov. Dette gjeld blant anna auke i BPA tiltak (Brukarstyrt Personleg Assistanse), og nye ressurskrevjande brukarar.

Innsparingstiltak 2026:

Kommunalområde Helse og Meistring. Plan for innsparing			
Tiltak	Effekt 2026	Effekt 2027	Kommentar / Konsekvens
NAV			
Redusert kostnad til kvalifiseringsprogram	-500 000	-500 000	Planlegge for lågare bruk, tilby andre arbeidsretta tiltak som er meir målretta og effektivt
Redusere 100% stilling integreringstenesta	-425 000	-850 000	Med redusert kapasitet og god planlegging av mottak vil vi kunne gje eit forsvarleg tilbod.

Reduksjon i driftsnivå Integreringstenesta for flyktningar	-2 575 000	-3 000 000	Redusert mottak og auka bruk av hurtigspor/ kortare introduksjonsprogram reduserer kjøp av tenester til introduksjonsprogram og norskopplæring.
Sulatunet			
Auka inntekter	500 000	500 000	Netto auke på sal av mat
Diverse innsparing	-660 191	-660 191	Diverse postar, lønnspostar, avtalar, mm
Heimetenestene inkludert psykisk helseteneste/rus			
Nedbemanning 1,25 årsverk, stilling for lærling og heimehjelp	-850 000	-850 000	Redusert teneste lågt i innsatstrappa kan medføre auka etterspurnad etter meir ressurskrevjande tenester. Dårligare individuelle oppfølging og hygiene, press på helsepersonell mm
Vakant stilling psykisk helseteneste/rus	-900 000	-900 000	Redusert kapasitet gjev lengre ventetid og lågare kvalitet i tilbodet.
Bukollektiva			
20% stilling Molværsvegn 15/17/19	-160 000	-160 000	Ressursen er knytt til sjukepleiefagleg oppfølgingsarbeid. Redusert kapasitet kan gje redusert kvalitet.
20% stilling demenskoordinator (netto)	-160 000	-160 000	Mindre kapasitet til koordinering av tenestene kan svekke kvaliteten. Avbøtande tiltak der andre tenester bidrar i kartlegging, heimebesøk osv
Avslutte leasing av Decon-X H3O-deinfisator	-80 000	-80 000	Svekka beredskap og auka kostnad frå reinhaldsbyrå
Bu og aktivitetstenesta			
67% stilling Molvær senter (3 dagsverk/veke)	-554 000	-554 000	Nedtrekket betyr færre tilsette på jobb og redusert kvalitet.
Kommunalområde Helse og meistring	-7 364 191	-8 214 191	

7.3 Samfunn

Skildring av kommunalområdet

Kommunalområdet har 31 årsverk fordelt på 2 einingar (eining for Eigedom og eining for Kommunalteknikk) og 1 fagstab (med ansvar for plan, byggesak og geodata). Kommunalområdet har ei viktig rolle for i arbeidet med å byggje, utvikle og forme våre fysiske omgjevnadar i heile kommunen, og for å legge til rette for tenester innan oppvekstsektoren og helse og meistringssektoren. Kommunalområdets ansvarsområde inneber blant anna:

- Forvaltning og drift av kommunale føremålsbygg (skule, institusjon, barnehage m.m.), bustader, kyrkjegardar og park/grøntareal
- Forvaltning og drift av veg, vatn, avløp og forureining
- Andre sjølvkostområder som vert drifta av eksterne (renovasjon, slam, feiing og brann/redningsteneste).

Utfordringar og mogelegheiter

Kommunalområdet står overfor fleire utfordringar med tanke på ressurstilgang/kapasitet og oppgåver. Fleire av dei «tunge» oppgåvene, til dømes etablering av godkjent reinseløysing for kommunal avløp, må prioriterast og gjennomførast etter vedteken plan og rammer.

Utfordringar

Innanfor plan, byggesak og geodata er utfordringane først og fremst knytt til at staben er relativt liten og at det er særskilt viktig å ha kapasitet til å behandle plansaker, byggesaker og innan oppmålingsfaget til rett tid. Ved for lang behandlingstid vil kommunen miste inntektsgrunnlag og

dei enkelte søkjarar manglar heime og løyver for å gjennomføre sine investerings og utviklingsprosjekt. Dette vil i tur ramme den generelle utviklinga av lokalsamfunn og næringsliv på Sula.

Eining for eigedom har ein velfungerande driftsstab (vaktmeister og park/grøntarbeidarar) og leiging med eigen prosjektleiar for investeringsprosjekt. Utfordringane er i stor grad knytt til utviklingsoppgåver som til dømes nytt tenestehus og mål om etablering av egna bustadar for framtidig tenesteyting. Det bør gjennomførast organisatoriske endringar med sikte på å samle ansvar og ressursar for gjennomføring planlegging og realisering av framtidige investeringar knytt til kommunale bygg og bustadar.

I tillegg vil det være viktig å balansere økonomiske rammer for drift av eigedom/bygg og behov slik at det ikkje oppstår eit etterslep på vedlikehaldsbehov. All erfaring tilsei at det er vanskeleg å hente inn et slikt etterslep og at kostnadane over tid vert større ved å nytte ein «skippertaksmetode».

Eining for kommunalteknikk har tilsvarande som for Eigedom ein velfungerande driftsstab og ein stab av avdelingsingeniørar med god kompetanse. Det er likevel ei utfordring at det skal gjennomførast fleire større oppgåver med både planarbeid og ikkje minst investeringar dei nærmaste åra. Kongshaugen reinseanlegg er isolert den største enkeloppgåva fram til 2028. Det må i tillegg planleggast og gjennomførast investeringar på leidningsnettet parallelt. Eininga har også ansvar for kommunal veg, bruer og damanlegg. Det er venta at enkelte oppgåver knytt til overvatn også vil krevje vesentlege ressursar dei nærmaste åra, som til dømes vurdering, planlegging og eventuelt gjennomføring av tiltak i vassdraget Molværselva.

I tillegg til planlegging og investering må Kommunalteknikk løyse myndighetsoppgåver knytt til forureining. Omfanget varierer, men erfaring frå dei siste åra viser at dette er eit komplekst saksfelt som krev både kompetanse og kapasitet.

Moglegheiter

Med grunnlag i at fagstab med ansvar for plan, byggesak og geodata og einingane har ein stabil base med tilsette med god kompetanse fagleg ligg det til rette for å kunne løyse oppgåvene også framover i tid. Kompetente, engasjerte og motiverte medarbeidarar er den viktigaste ressursen i organisasjonen Sula kommune og dette gjeld også innan tenesteområdet samfunn.

Samarbeid i regionen med andre kommunar gjev moglegheit til å løyse oppgåver i fellesskap på ein meir rasjonell måte enn enkeltvis. Det er her viktig å gjere gode vurderingar av kva oppgåver som er egna for utvida samarbeid. Med nærleiken til Ålesund er det naturleg å fokusere på utviding av allereie etablert samarbeid. Viktige stikkord er moglegheit for å utnytte stordriftsfordelar, redusere administrativ tidsbruk og å ta del i større og meir robuste fagmiljø. Utvikling av samarbeid på «rett måte» vil kunne gje Sula kommune tilgang til ny/utvida kompetanse, betre beredskap og meir «robust» driftsorganisasjon. I tillegg til samarbeid med andre kommunar vil også samarbeid med privat næringsliv være viktig for å nå utviklingsmål.

Organisering vert vurdert laupande. Ut frå den økonomiske situasjonen Sula kommune står i, og vil stå i åra som kjem er det nødvendig å vurdere og å gjennomføre endringar. Mål for endring av organisering er meir rasjonell drift med mindre tidsbruk til administrative oppgåver og leiging. Viktige stikkord for organisering er fokus på rasjonell drift, fleksibilitet og tilgang til gode/egna

verktøy. Med verktøy inngår også programvare, system og metodikk i tillegg til fysiske reiskapar som maskinar og anlegg.

Samandrag budsjett

Budsjettramme for Samfunn i 2025 er 38.652.440kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026.

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
SAMFUNN, RAMME FØR TILTAK / ENDRINGAR	38 053 713	38 053 713	38 053 713	38 053 713
Omstilling av drift / innsparingskrav	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000	-2 100 000
Resusert ramme knytt til "eingangstiltak" i 2025. Reg.plan Solevågen	-500 000	-500 000	-500 000	-500 000
Resusert ramme knytt til "eingangstiltak" i 2025. Overvatn Rystene	-150 000	-150 000	-150 000	-150 000
Styrking av budsjett til veg. Vedlikehald og temaplan for veg	700 000	700 000	700 000	700 000
Digitalisering byggesaksarkiv	600 000			
Arealplan	1 500 000	1 000 000	0	0
Vågevatnet. Oppfølging av igangsatt tiltak	50 000	50 000	50 000	50 000
SAMFUNN, RAMME ETTER TILTAK / ENDRINGAR	38 153 713	37 053 713	36 053 713	36 053 713

- Omstilling / innsparing: Sjå eigen oppstilling.
- Reduksjon i ramme knytt til «eingangstiltak»: Dette er tiltak som ligg i budsjett for 2025, men som ikkje vidareførast til 2026.
- Styrking av budsjett til veg: Vegbudsjettet er lavt. Styrkinga er vurdert som nødvendig for å oppretthalde normal drift. Styrking vil også bli brukt i 2026 til ferdigstilling av temaplan for veg.
- Digitalisering av byggesaksarkiv og arealplan: Det er satt av midlar til arbeid med digitalisering av byggesaksarkiv i 2026, og arbeid med arealplan i 2026 og 2027.

Innsparingstiltak 2026:

Kommunalområde Samfunn. Plan for innsparing			
Tiltak	Effekt 2026	Effekt 2027	Kommentar / Konsekvens
Reduksjon i driftsutgifter eigedom (reinhold, energi)	-600 000	-600 000	Innsparinga gjeld reinhold, renovasjon og energibruk samt sommarvedlikehald.
Omorganisere kommunalområda Samfunn og Organisasjon og utvikling. (Samla reduksjon på 5-6 årsverk) Auka interkommunalt samarbeid/ kjøp av tenester der dette gjev økonomisk gevinst.	-1 500 000	-1 500 000	Prosess er i gang med mål om at ny organisasjonsstruktur skal gjelde frå og med 1. januar 2026. Det er eit mål å organisere drift på ein meir rasjonell måte og med mindre tidsforbruk til administrasjon og leiing, men likevel med ein viss reduksjon i kapasitet til drift og saksbehandling.
Kommunalområde Samfunn	-2 100 000	-2 100 000	

7.4 Organisasjon og utvikling

Skildring av kommunalområdet

Kommunalområdet Organisasjon og utvikling har 26,15 årsverk fordelt på fem avdelinger. Kommunalområdet er leia av kommunalsjef. Kommunalområdet leverer administrative støttefunksjonar til heile organisasjonen. Administrative støttefunksjonar er funksjonar (ofte lovpålagte) som understøtter tenesteproduksjonen, og som er like på tvers av dei ulike verksemdene. Blant ansvarsområde til kommunalområdet er økonomi, løn, HR, innbyggartorg, kommunikasjon, bibliotek, IKT og politisk sekretariat.

Utfordringar og moglegheiter

Kommunalområde Organisasjon og utvikling har ei viktig rolle som støttefunksjon for heile kommunen, men står overfor fleire utfordringar. Ein sentral utfordring er sårbarheit knytt til kompetanse og kapasitet i kritiske funksjonar. Små einingar og spesialiserte oppgåver gjer området sårbart dersom nøkkelpersonar sluttar, eller ved høg arbeidsbelastning. Dette skapar behov for betre samordning internt og vurdering av omorganisering for å styrkje fleksibilitet og robustheit.

Samtidig finst det mange mogelegheiter. Digitalisering og moderne IKT-løysingar gir potensial for automatisering, betre datakvalitet og meir effektiv saksbehandling. Organisering vert vurdert laupande. Ut frå den økonomiske situasjonen Sula kommune står i, og vil stå i åra som kjem er det nødvendig å vurdere og gjennomføre endringar. Ein pågåande omorganiseringsprosess har som mål å redusere sårbarheit, samt frigi tid frå administrering av små organisatoriske område til meir operativt arbeid.

Interkommunalt samarbeid representerer ein mogelegheit, og i 2026 vil prosjektet som er vedtatt i Ålesundregionen ta fart og ein vil bli meir konkret i arbeidet med å definere nye samarbeidsområde.

Samandrag budsjett

Budsjettramme for Organisasjon og utvikling i 2025 er 63.616.511kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026.

BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
ORG. OG UTVIKLING, RAMME FØR NYE TILTAK / ENDRINGAR	63 616 511	63 616 511	63 616 511	63 616 511
Omstilling av drift / innsparingskrav	-3 649 400	-4 091 400	-4 091 400	-4 091 400
Digitalisering av virksomhetsstyringsystem (Framsikt)	583 000	801 000	663 000	663 000
Velferdsteknologisk utstyr	900 000	900 000	900 000	900 000
Sula Sokn. Service av orgelet i Langevåg kyrkje	0	0	0	750 000
ORG. OG UTVIKLING, RAMME ETTER NYE TILTAK / ENDRINGAR	61 450 111	61 226 111	61 088 111	61 838 111

- Omstilling / innsparing: Sjå eigen oppstilling
- Digitalisering av verksemdstyringssystem: Vi planlegg innføring av systemet Framsikt frå 2026. Framsikt er ei skybasert løysing for heilskapleg verksemdstyring. I 2026 planlegg vi

å starte med modul for budsjett, samt handlings- og økonomiplan. I 2026/2027 planlegg vi deretter å ta i bruk modul for kommunale planer, rapportering og politikarmodul.

- Velferdsteknologisk utstyr: Dette gjeld utgifter for digitalt tilsyn (matter) i heimetenesta og på Sulatunet. Vi har hatt ei pilotfase med bruk av Vardamatter, og ser stor nytteverdi av dette. Beløpet på 900.000kr pr år gjeld lisens for 100 matter.

Innsparingstiltak 2026:

Kommunalområde Organisasjon og Utvikling. Plan for innsparing			
Tiltak	Effekt	Effekt	Kommentar / Konsekvens
	2026	2027	
Reduksjon i diverse driftsutgifter - IKT lisensar	-319 700 - 529 700	-319 700 -599 300	
Driftstilskot til Soknerådet	-100 000	-100 000	
Destinasjon Ålesund & Sunnmøre	0	-372 000	Ref K-sak 79/25
Omorganisere kommunalområda Samfunn og Organisasjon og utvikling. (Samla reduksjon på 5- 6 årsverk.) Auka interkommunalt samarbeid / kjøp av tenester der dette gjev økonomisk gevinst.	-2 700 000	-2 700 000	Prosess er i gang med mål om at ny organisasjonsstruktur skal gjelde frå og med 1. januar 2026.
Organisasjon og utvikling	-3 649 400	-4 091 400	

7.5 Politisk styring

Skildring av området

Kommunestyret er det øvste politiske organet i kommunen, i tråd med [kommunelova § 5-3](#) eller gjennom delegering.

Formannskapet er det nest øvste politiske organet i kommunen, oppretta etter kommunelova § 5-1. Det kan treffe vedtak på vegner av kommunen når:

- myndet er lagt til kommunen, og
- det ikkje er bestemt at anna organ skal ta avgjerda.

I tillegg fungerer formannskapet som generell klagemnd.

Plan- og miljøutvalet har fått delegert mynde frå kommunestyret til å fatte vedtak i alle saker etter plan- og bygningslova kap. 3, §3.3 og kap. 10, 11 og 12 – med unntak av saker der avgjerdsmyndet ligg hjå kommunestyret sjølv eller andre organ.

Kommunestyret, formannskapet og plan- og miljøutvalet er dei mest sentrale folkevalde organa. Meir detaljar om alle utval sitt mynde finn ein i kommunen sitt [delegeringsreglement](#).

Du kan òg lese meir om andre folkevalde (politiske) organ på [kommunen si heimeside](#).

Samandrag budsjett

Budsjettramme for Politisk styring i 2025 er 6.490.817kr. Denne budsjettramma er utgangspunkt for budsjett 2026.

	BUDSJETT 2026	ØK.PLAN 2027	ØK.PLAN 2028	ØK.PLAN 2029
BUDSJETT OG ØKONOMIPLAN				
POLITISK STYRING, RAMME FØR TILTAK / ENDRINGAR	6 490 817	6 490 817	6 490 817	6 490 817
Omstilling av drift / innsparingskrav	-115 632	-115 632	-115 632	-115 632
Endring knytt til budsjettramme for valg	-530 000		-530 000	
Budsjett for ungdomsrådet flytta frå Kultur og oppvekst	52 070	52 070	52 070	52 070
POLITISK STYRING, RAMME ETTER TILTAK / ENDRINGAR	5 897 255	6 427 255	5 897 255	6 427 255

Budsjettramma er redusert samanlikna med 2025, bl.a. fordi det ikkje er val i 2026.

Innsparingstiltak 2026:

Politisk styring			
Tiltak	Effekt 2026	Effekt 2027	Kommentar / Konsekvens
Reduksjon i budsjettramme 2%	- 115 632	- 115 632	Fjerner kjøp av juridisk tenester v/ habilitetsvurderingar. Tilpassing utgifter til rådsorgana. Reduksjon i annonsering, møteservering og midlar til formannskapet sin disposisjon.
Politisk styring	-115 632	-115 632	

8. Planstrategi

I dette kapittelet kan du lese om:

Sula kommune sin planstrategi for perioden 2024-2028, med status for dei prioriterte planoppgåvene og forslag til nye planar for komande periode. Planstrategien blir rullert årleg som ein del av budsjett, handlings- og økonomiplanen for å sikre oppdatert oversikt, god politisk forankring og effektiv framdrift i kommunen sitt planarbeid.

Planstrategien for perioden 2024-2028 er tidlegare vedtatt av Sula kommunestyre gjennom sak om planstrategi (K-sak 012/24) og budsjett, handlings- og økonomiplan 2025-2028 (K-sak 107/24). For å sikre god politisk forankring og oversikt over kommunen sine største planoppgåver blir planstrategien rullert årleg som ein del av budsjett, handlings- og økonomiplanen. Rulleringa inneber ein statusrapport for dei prioriterte planoppgåvene som tidlegare er vedtatt, samt eventuelle forslag frå kommunedirektøren om å justere eller supplere prioriterte planar.

Med atterhald om kommunestyrets vedtak i sak 093/25 den 23.10.2025, er status for kommunestyrets prioriterte planoppgåver for perioden 2024-2028:

Namn på plan	Type endring	Startår	Vedtaksår	Status pr. oktober 2025
Samfunnsplan inkl. arealstrategiar	Rullere	2024	2024	Vedtatt 24.04.2025
Arealplan	Rullere	2025	2026	Under utarbeiding. Planlagt endeleg vedtak vinteren 2026
Kommunedelplan for vatn og avløp	Rullere	2025	2026	Under utarbeiding. Planlagt endeleg vedtak februar 2026
Temaplan for veg	Ny	2025	2026	Under utarbeiding. Planlagt endeleg vedtak hausten 2026
Temaplan for naturmangfald	Ny	2025	2026	Under utarbeiding. Vedtaksår utsett til 2026
Temaplan for friluftslivets ferdselsårer	Ny	2025	2026	Under utarbeiding. Vedtaksår utsett til 2026
Næringsstrategi	Rullere	2025	2025	Under utarbeiding. Planlagt endeleg vedtak desember 2025
Overordna beredskapsplan	Rullere	2025	2025	Behandla 24.04.2025 (Tatt til orientering)
Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse (ROS)	Rullere	2024	2025	Vedtatt 24.04.2025
Handlingsplan for rusmiddelarbeid	Rullere	2025	2026	Under utarbeiding. Vedtaksår utsett til 2026
Forvaltningsplan for statleg sikra friluftslivsområde	Rullere	2025	2025	Vedtatt 23.10.2025
Eigedomsstrategi	Ny	2024	2024	Vedtatt 13.06.2024
Langsiktig drifts- og investeringsstrategi 2025-2040	Ny	2024	2024	Vedtatt 03.10.2024
Tenestestrategi	Ny	2024	2024	Vedtatt 03.10.2024
Bustadpolitisk handlingsplan	Rullere	2026	2026	Kommunestyret skal i møte 23.10.2025 vedta om desse planane skal utarbeidast
Langsiktig drifts- og investeringsstrategi 2026-2041	Rullere	2026	2026	
Skulebruksplan	Ny	2026	2026	
Barnehagebruksplan	Ny	2026	2026	
Kulturmiljøplan*	Ny	2026	2027	Dette er forslag til nye planar i 2026. Forslaget har ikkje tidlegare blitt behandla politisk.
Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet**	Rullere	2026	2027	

* Kulturmiljøplan vil vere eit viktig kunnskapsgrunnlag for å ta vare på og utvikle kommunens kulturmiljø, det vil seie bygningar, landskap og stader med historisk eller kulturell verdi. Planen vil gi ei oversikt over kva som er viktig å bevare, og korleis dette kan skje i samspel med utvikling og vekst.

** Kommunedelplan for idrett og fysisk aktivitet er eit politisk styringsverktøy som viser korleis kommunen skal legge rette for idrett, lek, trening og fysisk aktivitet. Planen vil gi ei oversikt over behov, anlegg og målgrupper, og legge grunnlaget for langsiktige prioriteringar og arealbruk. Planen vil vere eit viktig verktøy for å fremme folkehelse, inkludering og livskvalitet – og for å sikre moglegheit for å søke om statlege spelemidlar.